


Økonomiplan for 2026 — 2029, Budsjett 2026

Bykle kommune, Kommunedirektørens framlegg



Føreord

Økonomiplanen for perioden 2026–2029 og budsjettet for 2026 omfattar heile kommunen si verksemd og gjev eit samla bilete av dei venta inntektene, utgiftene og prioriteringane i planperioden. Det første året i planen er bindande, medan dei resterande åra legg rammene for vidare utvikling og planlegging.

Internasjonalt har 2025 vore prega av uro og uvisse. Samarbeidet mellom nasjonar har vorte meir krevjande, og konstallasjonar vi tidlegare har festa lit til, har vorte sett på prøve. Krigane i Ukraina og Gaza har ramma lokalbefolkninga hardt, og i aukande grad ser vi urovekkjande handlingar også utanfor konfliktsonene. Sabotasje mot kritisk infrastruktur og digital trugsel er ein realitet, som rykkar oss stadig nærare

Samtidig vert klimaendringane meir merkbare, med større risiko for ekstremvêr, flaum, ras og andre naturhendingar som påverkar kvardagen og infrastrukturen vår. Summen av desse utviklingstrekk auka krava til førebygging og styrkjer behovet for eit heilskapleg beredskapsarbeid. Dette tar Bykle kommune på alvor. Arbeidet med samfunnstryggleik, klimatilpassing og beredskap vil difor vere sentrale satsingsområde i 2026 og i åra framover.

Norske kommunar får stadig fleire og meir krevjande oppgåver, og mange har ikkje økonomiske rammer som står i forhold til oppdraget. Bykle kommune har ein solid økonomi og eit handlingsrom som mange andre misunnet oss, men også vår økonomi er under press. For sjølv om det i denne økonomiplanperioden er venta at kraftinntektene vil vere på eit relativt høgt nivå, er det knytt usikkerheit til korleis desse inntektene vil utvikle seg framover. I den langsiktige økonomiske planlegginga er det difor viktig å ta høgde for denne usikkerheita og sikre at kommunen ikkje blir for sårbar for endringar i inntektsgrunnlaget.

Dette krev ei tydeleg og ansvarleg prioritering av ressursane. Dei lovpålagte oppgåvene må prioriterast, og investeringane som vert gjort må føre oss nærmare dei langsiktige måla i kommuneplanen. Økonomien skal styrast etter generasjonsprinsippet, som inneber at behova våre skal dekkjast utan å svekkje moglegheitene for framtidige generasjonar.

For å lukkast med dette er godt samspel mellom politikk og administrasjon avgjerande. Samarbeidet internt i kommunestyret, og mellom kommunestyret og administrasjonen, opplevast som konstruktivt og godt. Kommunedirektøren merkar seg at dei politiske prioriteringane i 2025 har vore ansvarlege og innanfor gjeldande økonomiske rammer. Dette legg eit viktig grunnlag for å kunne møte framtidige økonomiske utfordringar på ein berekraftig og føreseieleg måte.

I budsjettet for 2025 vedtok kommunestyret separate budsjettar for utviklingstiltak i Bykle og på Hovden. Innafor desse rammene er det sett i gang ei rekkje små og store prosjekt, og administrasjonen har arbeidd lojalt for å realisere dei. Dette arbeidet held fram i 2026, med same kraft, engasjement og retning.

Eit anna viktig arbeid i 2025 har vore å vurdere framtidig leiingsstruktur. Kommunen får nå ei ny leiingsorganisering med tre nivå: kommunedirektør, kommunalsjef og verksemdsleiar. Desse får tydeleg definerte funksjonsområde, ansvar og oppgåver.

Endringa tek til frå 1. januar 2026, men det viktig å merke seg at innføringa er ein prosess som tek tid. Ein skal evaluere gjennom heile prosessen og tilpasse etter behov. Effekten vil ikkje vere målbar med ein

gong, men over tid skal leiingsorganiseringa bidra til betre ressursutnytting, meir heilskapleg styring og sterkare strategisk utviklingskraft.

Bykle kommune har dyktige og dedikerte tilsette som kvar dag leverer tenester av høg kvalitet i ein kvardag prega av høgt tempo og mange oppgåver. Desse medarbeidarane er avgjerande for at kommunen skal nå sine mål.

Sjølv om mykje er bra i kommunen, må vi alltid jobbe for å verte betre. Arbeidet med å heve kvaliteten i alle delar av organisasjonen har høg prioritet. Eit godt system for internkontroll er ein viktig reiskap i dette arbeidet. I 2025 har kommunen hatt fleire tilsyn. Tilsynsrapportane har gjeve verdifull innsikt og peikar på både styrkar og forbetningsområde. Denne kunnskapen skal vi bruke til å løfte kvaliteten vidare i 2026.

Den teknologiske utviklinga går føre seg i høgt tempo. Kunstig intelligens gjev nye moglegheiter for effektivisering og utvikling av tenester. Bykle kommune skal følgje tett med på denne utviklinga og ta i bruk nye verktøy der det gjev meining. Samstundes skal dei nyttast med varsemd, kunnskap og respekt for dei etiske og praktiske rammene dei krev.

Systematisk arbeid for inkludering og deltaking er viktig for å sikre ein berekraftig utvikling av kommunen. Dei siste åra har Bykle teke imot nærmare 60 personar frå Ukraina, og både tilsette og frivillige har lagt ned ein stor innsats for å ta imot, inkludere og støtte dei som har kome. Etter endt introduksjonsprogram er målet at deltakarane raskt skal vidare til arbeid eller utdanning.

Eit aktivt arbeidsliv er viktig både for den enkelte og for lokalsamfunnet. Det bidreg til økonomisk sjølvstende, styrkjer fellesskapet og er ein viktig nøkkel til trivsel, inkludering og lokal utvikling. Gjennom Brynjeprosjektet blir det utvikla og testa praktiske løysingar i lag med næringsliv og frivillig sektor, slik at fleire kjem i ordinært arbeid, får relevant opplæring og blir ein aktiv del av lokalsamfunnet.

Budsjettet for 2026 byggjer vidare på solide prioriteringar og ansvarleg økonomistyring. Vi skal halde fram med å vere ein trygg og framtidsretta kommune, der tenestene til innbyggjarane vert levert med kvalitet, respekt og effektiv ressursbruk. Slik legg vi grunnlaget for eit levande og berekraftig Bykle for både dagens og morgondagens generasjonar.

Bykle, 27.10.2025

Karina Sloth

Kommunedirektør

Plattform for budsjett og økonomiplan

Samfunnsdelen av Bykle kommune sin kommuneplan vart vedteken av kommunestyret den 14.10.2024. I planen vert kommunen sin visjon, «Bykle ser langt», konkretisert gjennom følgjande hovudpunkt:

- Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på forvaltning av dei store naturområda og verdiane i kommunen av omsyn til framtidige generasjonar.
- Bykle kommune sikrar ein berekraftig økonomi med inntekter frå lokal verdiskaping basert på lokale fortrinn i tillegg til kraftinntekter.
- Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på lokalsamfunnsutvikling og tenesteyting som gjer det attraktivt og godt å bu i Bykle heile livet.
- Bykle kommune vil samarbeide og samskape.

Satsingsområda konkretiserer kommunen sin visjon. Dei erstattar ikkje det breie og kontinuerlege arbeidet kommunen gjer innanfor dei ulike samfunnsområda, men syner kva som skal ha særleg prioritet i planperioden. Satsingsområda peiker òg på forventningar kommunen har til samarbeid med andre offentlege aktørar, næringslivet og frivilligheita. Oppfølginga av satsingsområda vert avklart gjennom arbeidet med tiltak og prioriteringar i økonomiplanen, og gjennom temaplanar og strategiar.

KOMMUNALE TENESTER TILPASSA FRAMTIDA

Bykle kommune er ein handlekraftig organisasjon og yter eit godt tenestetilbod. Ein opplev likevel eit aukande gap mellom innbyggjarane og gjesteinnbyggjarane sine forventningar til tenestene og det kommunen har kapasitet til å innfri. Behovet for helse- og omsorgstenester er aukande og kan utfordre kommunen sitt samla tenestetilbod.

Aukande utfordringar med å rekruttere kompetanse til små fagmiljø i distriktskommunane, krev nye grep for å sikre bemanning og kvalitet i tenestene. Tenestene kommunen har ansvar for å levere vert stadig meir komplekse og kompetansekreivjande. Kommunen må prioritere innanfor økonomiske rammer og tilgjengelege personellressursar for å vidareutvikle tenestene. Dette inneber å:

- Styrke kvaliteten i primæroppgåvene og dei lovpålagte tenestene. Dette inneber at ein må avklare omfanget og nivået på tenestene innanfor kvar sektor.
- Ha fokus på faglege kvalifikasjonar og profesjonsutdanningar ved rekruttering.
- Ha ein administrativ organisering som sikrar utviklingskapasitet, tverrfagleg samarbeid, tenestekvalitet og effektiv drift.
- Bygge ein organisasjonskultur som legg vekt på tydeleg leiarskap og ansvarleg medarbeidarskap.
- Prioritere systematisk folkehelsearbeid, tverrfagleg samhandling og tidleg innsats for barn og unge.

STADUTVIKLING I BYKLE

Bykle kommune har to tettstader; Bykle kyrkjebygd og Hovden. Dei har kvart sitt særpreg og har over tid hatt ulik utvikling. I både tettstadene er det barnehage og barneskule. I Bykle kyrkjebygd finn ein hovudtyngda av offentlege tenester, medan det private næringslivet har eit tyngdepunkt på Hovden.

STADUTVIKLING I BYKLE KYRKJEBYGD

I Bykle kyrkjebygd finn ein kommuneadministrasjonen, offentlege kontor, ungdomsskule og aldersheim, samt daglegvarebutikk og hotell. For å auke utviklingstakta i kyrkjebygda må kommunen ta ei meir aktiv rolle. Dette inneber med anna å prioritere:

- Utviklingsarbeid med vekt på bustadattraktivitet og nærings- og attraksjonsutvikling basert på lokale fortrinn og lokal identitet.
- Legge til rette for leilegheiter i sentrum.
- Synleggjere og formidle kunnskap om kva produksjon av fornybar kraft har betydd og betyr i det grønne skiftet.
- Utvikle lågterskel møteplassar gjennom samlokalisering og sambruk av bygg.
- Investere i kommunal infrastruktur og kommunale anlegg.

DESTINASJONS- OG SENTRUMSUTVIKLING PÅ HOVDEN

Hovden er ein reiselivsdestinasjon og eit handelssentrum med eit utval butikkar og servicetilbod. Det er tyngdepunktet i kommunen når det gjeld tal innbyggjarar og gjester. På Hovden finn ein helsehus og vidaregåande skule. For å vidareutvikle Hovden må kommunen prioritere:

- Utvikle Hegni og aktivitetsaksen langs elva, opp til sentrum og skisenteret.
- Utvikle eit trygt og attraktivt sentrum for mjuke trafikantar.
- Utvikle lågterskel møteplassar.
- Legge til rette for leilegheiter i sentrum.

EIT MEIR VARIERT NÆRINGS LIV

Næringslivet i Bykle kommune er prega av reiselivs-, industri- og entreprenørverksemdar. Reiselivet er i talet tilsette den viktigaste næringa, men den er både sesongbasert og konjunkturutsett. Eit meir variert og robust næringsliv vil auke kommunens attraktivitet. Det vil skape grunnlag for auka heilårs busetting og meir leve- og utviklingsdyktige bygdesamfunn.


Det er potensiale for å auke matproduksjonen og sjølvforsyninga i kommunen gjennom å utnytte den dyrka marka og utmarksbeitene betre. Vidareutvikling av primærnæringa og lokal matforedling vil i tillegg til å skape nye arbeidsplassar bidrege til å ivareta lokal identitet og føre til auka reiselivsattraktivitet.

Bykle kommune driv næringsutvikling gjennom tilrettelegging og støtte ved etablering av nye verksemdar og utvikling av eksisterande verksemdar. Kommunen finansierer med anna destinasjonsselskapet, Hovden skigymnas og eit kommunalt utviklingsselskap. For å utvikle eit meir variert næringsliv må kommunen:

- Jobbe strategisk og målretta for å få best mogleg effekt av innsatsen for å styrke næringslivet og legge til rette for nyetableringar.
- Utnytte bransjeeffekten av å vere kraftkommune.
- Legge til rette for kraftkrevjande næring gjennom å vere en pådrivar for forsterka nettkapasitet og tilgang til energi frå lokal kraftproduksjon.
- Legge til rette for vidareutvikling og organisering av fjellandbruket og nisjeproduksjon
- Jobbe for «gul stripe» til Haukeli for å styrke RV9 som transportkorridor med tilknytning til E134 og framtidig høgfartsbane.

Folketal

Folketalsutviklinga i Bykle har over ei tidslinje på 10 år vore positiv med ein auke på 94 innbyggjarar frå 2015 til 2025. Prognosane frå SSB legg til grunn vidare folketalsvekst i åra framover. Per 01.01.2025 var det 1039 innbyggjarar i kommunen.



Overordna økonomi, investeringar og prosjekt

Bykle kommune har eit godt tenestetilbod til både fastbuande og tilreisande. Politisk har det vore tradisjon for å ha eit langsiktig perspektiv på arbeidet. Økonomien til kommunen har gjort dette mogleg. Det nyt ein fruktene av i dag.

Sjølv om det òg i denne økonomiplanen er store inntekter frå kraftproduksjon, så er dette usikre inntekter i framtida. Drifta av kommunen må på lengre sikt gjere seg mindre sårbar for reduksjonar i kraftinntektene. Det er naudsynt å vurdere kva for oppgåver kommunen må løyse og kva for oppgåver som ikkje er like viktige. Kommunen må prioritere dei lovpålagte oppgåvene, men må samstundes sjå på nivået på dei og prioritere mellom dei ulike tenestetilboda. Dersom ein i åra framover opprettheld same tenestenivå som i dag, må kommunen finne nye inntektskjelder.

Fleire tenestetilbod er i dag lokalisert både i Bykle og på Hovden. Dobling av tenestene fører til store driftskostnader. På sikt kan det vere behov for å vurdere og prioritere lokalisering av tenestetilboda i kommunen. Det er ikkje økonomisk berekraftig å ha dei begge stader.

Nye investeringar må vurderast strengare. Ein er tvungen til å prioritere mykje hardare mellom kva som er naudsynt å investere i, og kva som ikkje er det. Det vil òg føre til at investeringar må gjennomførast over eit lengre tidsrom enn tidlegare.

I dette budsjettet er det gjort framlegg om opptak av nye lån for å finansiere nye investeringar. Renter og avdrag på lån gjer at driftskostnadane aukar, og det vert mindre midlar til tenesteyting.

Bykle kommune har over tid hatt eit høgt aktivitetsnivå. Det er både gjennomført og planlagt store investeringar. Store investeringar krev personellressursar. Desse ressursane vert henta frå ordinær drift. Det er viktig at ambisjonsnivået for framtidige tiltak innanfor drift og investering, vert tilpassa dei ressursane vi har. I økonomiplanen er det av den grunn lagt opp til å ferdigstille dei investeringsprosjekta ein har satt i gong, før det vert sett i gong nye.

Gjennom nasjonale vedtak vert nye ansvarsområde og oppgåver lagt over på kommunane. Det er ikkje alltid at finansiering følgjer oppgåvene. Bykle kommune har saman med dei andre kommunane i Setesdal gjort eit grundig arbeid og lagt strukturar som gjer at kommunane kan møte utfordringane.

Det vert vurdert ytterlegare samarbeid mellom kommunane ut i frå eit økonomi- og kvalitetsperspektiv. Samstundes som det er viktig å behalde arbeidsplassar i kommunen, må ein vurdere samarbeid med andre kommunar i regionen der dette er formålstenleg.

Overgang frå Setesdal IKT til Agder IKT har vore ein ressurskrevjande prosess. Omlegging av datasystem og opplæring vil krevje administrative ressursar dei neste åra òg.

Arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen har kravd deltaking frå administrativt og politisk nivå. Vedteke samfunnsdel gjev eit godt grunnlag for prioritering av vidare satsing.

Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg er viktig for å førebygge etterslep. Bykle kommune eig og driftar mange bygg. Driftsramma for teknisk drift og eigedom, som vart auka i 2024, vert av den grunn vidareført. Det har vore satsa på nybygg av bustader, både for kommunalt tilsette og etablerer-bustader gjennom tiltaket «leige før eige». Ein legg til grunn at denne satsinga vil frigi eldre bygg som kommunen kan legge ut for sal.

Utbygging og fortetting stiller krav til vassleveransar og avløpshandtering. I tillegg kjem vedlikehald av eksisterande leidningsnett. Satsinga vert vidareført i økonomiplanperioden.

Arbeidet med utbygging av Rv9 med «gul stripe» til Hovden held fram. Utbygginga av Rv9 er kombinera med gang- og sykkelveg. Tiltaka ligg inne i økonomiplanen og vert gjennomført når vegen blir opparbeida.

Det er sett av midlar til aktivitetskort for barn og ungdom mellom anna for årskort til skisenteret og badeland. Sjølv om det er gjeve ekstra løyving vil midlane til aktivitetskortet også gå av den generelle ramma av kulturmidlar.

Det er òg lagt inn midlar i økonomiplanen for vidare satsing på utvikling og tiltak i Bykle kyrkjebygd og på Hovden. Kva for tiltak ein skal starte med, og prioritering av rekkjefølga på tiltaka, vert overlate til politisk vurdering. Av omsyn til personell- og økonomikapasitet må ein strekke investeringane ut over fleire år. Ved budsjetthandsaming budsjett 2025 vert det vedteke prioritering for bruk av desse midlane. For Bykle kyrkjebygd var fleirbrukshall/ombygging samfunnshus og sentrumsbygg prioritert. For Hovden vart Hovden sentrum og Hegni friluftsområde prioritert.

Velferdsteknologi er lagt inn i budsjett og økonomiplan som eit satsingsområde for dei neste åra. Bakgrunnen er at SSB sine demografiske framskrivingar fortel at aldersberekvna vert redusert. Det er nasjonalt eit stort underskot på kompetent arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren, og pleie- og hjelpetenesta er ei stor teneste i Bykle. Det er difor viktig å sjå korleis ein aktivt kan nytte velferdsteknologi for å legge til rette for at eldre kan bu heime lenger. Dette vil kunne redusere behovet for arbeidskraft, og sette kommunen i stand til å fortsette å yte gode tenester til dei som treng det. utvikling av velferdsteknologi vil og involvere dei andre tenestedområda i kommunen.

Formellt grunnlag/overordna føringar

Dei viktigaste måla i økonomiplanen er å:

- Vurdere dei langsiktige økonomiske konsekvensane av mål og vedtak som allereie er gjort.
- Vurdere kva for inntektsanslag ein kan leggje til grunn for den komande 4-års perioden.
- Vurdere kva for tilpassingar som er naudsynte for å halde omfanget innan desse rammene.
- Kartleggje konsekvensane av eventuelle endringar i funksjonsfordelinga i offentleg sektor.
- Vurdere kva for usikre faktorar kommunen står overfor, og kva for strategiar ein skal leggje for å møte desse.
- Leggje opp til ein politisk diskusjon om hovudprioriteringane i kommunen dei neste 4 åra.
- Leggje planleggingsrammer for administrasjonen sitt arbeid med budsjettet for neste år.
- Vere retningsgjevande for arbeidet med å tilpasse verksemda til dei økonomiske rammer som står til disposisjon.
- Informere om kommunen sin aktivitet og økonomi både internt i kommunen, til sentrale styresmakter, lånegjevande institusjonar, innbyggjarar med fleire.

Til forskjell frå årsbudsjettet er ikkje økonomiplanen eit løyvingdsdokument, jf. kommunelova §§ 14-4 og 14-5. Vedtak i samband med økonomiplanen er ikkje bindande tilsegn om løyvingar til konkrete investerings- eller driftstiltak.

Kommunestyret avgjer sjølv når det er behov for endringar i økonomiplanen i løpet av året. Økonomiplanen bygger på kommunen sine vedtekne planar og reglement. Dette er til dømes overordna

føringar og planar, kommunale planar med hovudbase i samfunnsdelen i kommuneplanen, plandokument, føresegner og retningslinjer, og kommunen sine reglement og serviceerklæringar.

Finansielle måltal

Det er vedteke finansielle måltal som følgjer:

1. Nøkkeltal eigenfinansiering av investeringar vert sett til minimum 20%
2. Nøkkeltal netto driftsresultat vert sett til minimum 3% av driftsinntektene
3. Nøkkeltal langsiktig gjeld vert sett til maksimum 65% av driftsinntektene
4. Nøkkeltal disposisjonsfond vert sett til minimum 15% av driftsinntektene

Ein gjer framlegg om å vidareføre desse måltal.

I økonomiplanen vert måltala slik:

Måltal	2026	2027	2028	2029
Eigenfinansiering investeringar	63 %	100 %	66 %	67 %
Netto driftsresultat	10 %	9 %	8 %	9 %
Lånegjeld	35 %	34 %	40 %	43 %
Disposisjonsfond	22 %	25 %	25 %	27 %

Kommunen sin økonomiske situasjon

Sentrale myndigheiter sitt arbeid med inntektsrammene for kommunane er ei viktig sak som er under stadig og urimeleg press. Bykle kommune arbeidar tett saman med Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) for å forsvare kommunen sine legitime rettar. Eit overordna mål er å få verdisikring/realverdiutvikling inn i dei ulike skatte- og avgiftsartane.

Inntektsanslaga for økonomiplanperioden bygger på erfaringstal frå tidlegare år, samt framlegget til statsbudsjett.

Utifrå objektive kriteria skulle Bykle kommune ha motteke ca. kr. 60,4 mill. i rammetilskott frå staten for 2026. Netto rammetilskott er frå staten berekna til kr. 30,7 mill. Gjennom utjamningsordningar i inntektssystemet vert kommunen trekt for ca. kr 29,7 mill. Desse 29,7 millionar kroner nyt normalt andre kommunar godt av.

Anslag på framtidige skattar og avgifter er basera på erfaringstal og prognoser, samt regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Etter kommunedirektøren si vurdering er det inntektene frå konsesjonskraft, skatteinngang, eigedomsskatt, samt storleiken på rammetilskott og aksjeutbyte frå Å Energi (tidlegare Agder Energi AS) som per dato er mest usikre. Om lag 60% av kommunen sine inntekter dei siste åra kjem frå konsesjonskraft, skatt på inntekt og formue, naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt på kraftverk og kraftlinjer. For økonomiplanperioden 2026-2029 er det ein reduksjon frå økonomiplan 2025-2028 i inntekter frå konsesjonskraftsal, medan ein ventar uendra inntekt i eigedomsskatten frå kraftverk og kraftlinjer.

Prisar på kommunale avgifter og brukarbetaling for andre kommunale tenester er tilrådd uendra for dei fleste områda. Innan sjølvkostområdet (vatn, avlaup, renovasjon, slam og feiing) vert prisen justera i samsvar med fordeling etter sjølvkostprinsippet. Det same gjeld innanfor planområdet.

Nye og endra oppgåver i ljøs av nye reformer vil krevje auka fokus. Ein må heile tida sjå på kva for oppgåver det er mogleg og formålstenleg at kommunen sjølve utførar, kva for oppgåver som kan løysast gjennom samarbeid med andre og kva for oppgåver kommunen må løyse gjennom eksternt kjøp.

Ein må sjå på bruken av næringsmidlar. Strategisk næringsplan vil vere eit verktøy i denne samanheng. Midlane til næringsutvikling er viktig for å sikre vidare vekst i kommunen i privat sektor. I denne samanheng bør kommunen ha fokus på infrastruktur, samt medfinansiering av tiltak med størst mogeleg ringverknad for lokalsamfunnet. Ein bør unngå at for store midlar frå næringsfondet vert bunden opp til betaling av renter og avdrag.

Kommunen sin rekneskap for året 2024 vart gjort opp med eit netto driftsresultat på kr 24 560 234,-. Desse midlane vert nytta til finansiering av investeringar og overføring til fond. I budsjettframlegget er det lagt inn auke i løn og pensjon med ei årsverknad for 2026 på 4 %. På driftsrammene er 2025-nivå vidareført utan prisstiging, så det blir ein reduksjon med tanke på prisvekst.

Når det gjeld budsjettsituasjonen for 2025 er totalramma innanfor gjeldande revidert budsjett i driftsrekneskapen. Tiltak som vart løyvd for 2024, men som ikkje var ferdigstilt, vart teke inn i budsjett 2025 ved budsjettrevisjon, med finansiering frå fond. Gjennom året er det gjort enkeltvedtak som er dekkja inn ved budsjettrevisjon, og andre som må vurderast ved budsjettrevisjonen i desember.

Næringsfondet har ein grunnkapital på kr 20 900 000,-. Ved årsskifte 2024/2025 var saldoen på disponible midlar kr 116 619 000. Inkludert i denne sum er òg løyvde, ikkje utbetalte næringstilskot for året og tidlegare år.

Ved utgangen av 2024 hadde kommunen ei portefølje av aksjar, andelar og utlån på til saman 65 430 000. Porteføljen er auka med kr 1 690 000 frå 2024.

Pensjonsmidlane er for 2024 på til saman kr 336 367 000. Dette er ei auke på kr 27 112 000 frå 2024. Dette er ført under gruppa anleggsmidlar. Realisasjonsverdien av desse aktiva vert vurdert særskilt kvart år i samband med årsoppgjeret i kommunen. Aksjeposten i Å Energi (tidlegare Agder Energi A/S) er bokført med kr. 1,-. Pålydande verdi av desse aksjane er kr. 19 848 000. Marknadsverdien ligg truleg på om lag kr. 100 000 000,-.

Kommunen sin langsiktige gjeld var pr. 01.01.25 bokført i balansen med kr. 466 123 000,-. Av dette utgjør kr. 332 573 000,- pensjonsforpliktingar som er dekkja gjennom KLP. Ordinær langsiktig gjeld var på kr. 133 550 000 og er ein reduksjon på kr 401 000 i 2024. Ordinær gjeld fordelar seg på lån i Husbanken, som er lånt ut vidare til husbyggjarar kr 21 502 000 og lån til eigne bygg og anlegg kr 112 048 000.



Kommunedirektøren sin kommentar til økonomiplanen

Inntekter

Hovuddelen av Bykle kommune sine inntekter kjem frå eigedomsskatt, konsesjonsavgift, konsesjonskraft og naturressursskatt som følgje av store utbyggingar av vasskraft i kommunen. Desse inntektene er stadig under press. Det er stor usikkerheit om korleis inntektene vil utvikle seg framover, og om kommunen vil få behalde dei inntektene dei rettmessig har krav på.

Naturressursskatten, som bør sjåast på som ein kommunal del av grunnrenta i kraftverka, går inn i den løypande inntektsutjamninga.

Eigedomsskatten er ein kommunal skatt. Bykle kommune skriv ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §3c, på kraftanlegg, kraftnett, vindkraftverk og petroleumsanlegg.

Konsesjonskraft vart innført for å sikre utbyggingskommunane kraft til alminneleg forsyning, til ein pris som reflektera kostnadane ved utbygging. Inntektene frå konsesjonskraftsal byggjer på siste tilgjengelege prognoser 3 år fram frå Konsesjonskraft IKS. Ein gjer merksam om at det er stor usikkerheit i inntektene på grunn av store svingingar i straumprisar, samt stor usikkerheit i forhold til framtidig prisleie.

Konsesjonsavgifta vart innført for å gje kommunane ein kompensasjon for generelle skadar og ulemper som følgje av kraftutbygginga. Bruken av konsesjonsavgifter er underlagt særskilte reglar. Mellom anna gjev det ikkje rom for å nytte desse inntektene til ordinære driftsoppgåver i kommunen. Dette då bortsett frå særskilte driftsoppgåver knytt til næring.

I økonomiplanperioden er følgjande lagt inn:

	2026	2027	2028	2029
Naturressursskatt	38 600	38 600	38 600	38 600
Eigedomsskatt vannkraft/linjer	54 749	54 749	54 749	54 749
Konsesjonskraft	66 041	66 041	62 103	62 103
Konsesjonsavgift	42 500	42 500	42 500	42 500
Rammetilskott	30 735	30 781	30 783	30 781
Skatt frå forskotts- og etterskottspliktige	54 563	54 563	54 563	54 563

Ut i frå kriteria i *Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner* (Grønt hefte) skulle Bykle kommune ha motteke kr 60 366 000,- i rammetilskott for 2026. Gjennom utjamningsordningar i inntektssystemet vert kommunen trekt for kr 29 631 000,-. Dette inneber at vi kan budsjettere med kr 30 735 000,- i rammetilskott for 2026. Vi har i framlegget teke utgangspunkt i reglane slik dei er i dag.

Næringsarbeid, rammer for næringsretta tiltak

Rammer for næringsretta tiltak (bruk av konsesjonskraftmidlar, drift) er i perioden sett av som følgjer:

Tal i 1000

	2026	2027	2028	2029
Årleg innbetaling konsesjonsavgift	42 500	42 500	42 500	42 500
Årets avsetning til næringsfond	42 500	42 500	42 500	42 500
Årets bruk av næringsfond fordela på:	42 500	42 500	42 500	42 500
Investeringar	9 700	8 540	11 840	8 340
Renter/avdrag	15 000	15 000	15 000	15 000
Næringsramma	17 800	18 960	15 660	19 160

Næringsramme til næringsutvikling er disponert som følgjer:

	2026	2027	2028	2029
Næringsramma	17 800	18 960	15 660	19 160
herav Destinasjon Hovden	1 600	1 000	1 000	1 000
herav Løypekjøring	4 288	4 000	4 000	4 000
herav Hovden skigymnas as	7 500	7 500	7 500	7 500
herav Setesdal interkommunale politiske r	500	500	500	500
Disponibel ramma anna næringsutvikling	3 912	5 960	2 660	6 160

Disponibel ramme næringsutvikling er meint å dekke drift av næringskontor, kontingentar interesseorganisasjonar (som t.d. LVK og USS), tilskott til jordbruk, skogbruk og næringsutvikling.

Oppstillinga viser at det meste av næringsmidlane er bundne opp, og ein må vurdere, med redusera ramme i forhold til tidlegare, om ytterlegare midlar skal bindes opp til faste tiltak.

Anna

Omsøkte UI-midlar (tippemidlar) er ikkje med i økonomiplanen. Desse vert inntektsført ved innbetaling og disponering i budsjett vert tilrådd gjort i etterkant. Dette på grunn av usikkerheit knytt til eventuelt utbetalingstidspunkt/godkjenning av søknader. Disponering av midlane vert gjort ved budsjettrevisjon.

Kommunen har opparbeida eit disposisjonsfond til bruk for utbytteberekning. Vi kan no vere garantert det utbyttet vi setter opp i årets budsjett, då det vert dekket av fondet.

Ved kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon (IKS o.l.) er kostnadene lagt inn lik budsjetterte kostnader frå dei enkelte selskapa. Midlar til overføringar (tilskott o.l.) er elles halde på same nivå som i 2025. Dei tiltak som er planlagt i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden vil påverke driftsbudsjettet. Korleis investeringane påverkar drifta vert vurdert fortløpande.

Når det gjeld prising av varer og tenester er det i hovudsak ikkje lagt inn prisauke på tenester. Husleige er justert opp. Vatn, kloakk, slam og renovasjon er sjølvkostområder og prisane er regulert ut i frå dette. Prising innafor planområdet er også justert hit sjølvkost. Meir- eller mindreforbruk eitt år vert sett av på fond for utlikning seinare år.

Utviklinga av samla driftsinntekter og driftsutgifter (eksklusiv renter) er som følger:

Tal i heile 1000 kroner, frå budsjett.

	2025 (budsjett)	2026	2027	2028	2029
Driftsinntekter	- 369 411	- 382 779	- 380 051	- 372 502	- 383 114
Driftsutgifter *	368 409	374 120	366 970	363 712	367 390
Brutto driftsresultat	- 1 003	- 8 659	- 13 081	- 9 790	- 15 721

* driftsutgifter inkl. avskrivningar

Overføringar i samband med næringsretta tiltak, ligg og inne i gruppa driftsutgifter.

Finansrekneskapen viser netto finansinntekter for økonomiplanperioden samla. Opptak av nye lån i økonomiplanperioden er kr 52 025 000,-.

I økonomiplanen er det for åra 2026-2029 sett av kr 71 580 000,- til næringsretta tiltak, utanom investeringar og finanskostnader på kr 98 420 000,-. Inntektene frå konsesjonsavgiftene er øyremerka næringsretta tiltak, anten via driftsrekneskapen som i tabellen over, eller til infrastrukturtiltak/bygg og anlegg via investeringsrekneskapen.

Hovudtrekka i tiltakspakka som er prioritert i økonomiplanen tek utgangspunkt i følgjande forhold:

- gjeldande kommuneplan
- gjeldande økonomiplan
- gjeldande enkeltvedtak
- statlege pålegg
- ferdigstilling av anlegg og tiltak som er påbyrja
- verdisikrande tiltak, vedlikehald
- kostnadsreducerande tiltak
- inntektsgjevande tiltak
- miljøtiltak

Oversyn over utvikling i skattar og avgifter

Alle tall i heile 1000 kr.					
År	Konsesjons-avgift	Konsesjons-kraft	Forskotts-,inntekts- og naturressurs-skatt	Eigedoms-skatt	Sum
2029*	42 500	62 103	93 163	54 749	252 515
2028*	42 500	62 103	93 163	54 749	252 515
2027*	42 500	66 041	93 163	54 749	256 453
2026*	42 500	66 041	93 163	54 749	256 453
2025*	39 900	58 600	90 368	54 749	243 617
2024	42 508	58 000	82 228	56 785	239 521
2023	39 261	111 000	87 283	60 266	297 810
2022	38 335	45 100	90 326	48 835	222 596
2021	38 274	23 600	84 386	53 110	199 370
2020	38 274	(1)43 244	76 581	51 593	166 448
2019	36 458	19 570	84 300	45 619	185 947
2018	33 454	13 013	79 195	44 022	169 673
2017	34 015	13 200	71 358	44 076	162 649
2016	33 965	13 201	69 604	48 053	164 823
2015	33 965	15 011	67 629	50 249	166 854
2014	32 838	18 587	67 139	48 556	167 120
2013	31 600	23 040	66 899	47 590	169 129
2012	31 137	20 123	63 928	43 288	158 476
2011	31 093	16 836	61 966	39 987	149 882
2010	31 371	16 324	62 290	39 383	149 368
2009	29 764	26 000	58 019	38 451	152 234
2008	29 907	23 400	58 619	38 996	150 922
2007	26 772	25 976	60 113	38 435	151 296
2006	26741	13 774	59 874	33 199	133 588

(1) Oppgjør SiraKvina,ny fordeling

* Tall frå oppr.budsjett og økonomiplan.

Oversyn over fondskonti

Fondskonti er kommunen sin sparekapital. Mindreforbruk eit år vert sett av på fond for bruk seinare år. Kommunen har bundne og frie fond, disposisjonsfond. Dei bundne fonda, som til dømes næringsfondet, må nyttast til spesielle føremål. Frie fond kan nyttast til både drifts- og investeringstiltak. Kommunen har nokre frie fond som er øremerkt til spesiell bruk, til dømes einingane sine disposisjonsfond, flyktningefond og pensjonsfond. Driftsreguleringsfondet er eit fritt fond som ikke er øremerkt.

i 1000	Saldo 01.01.25	Budsjettert bruk i 2025 (oppr.bud)	Berekna saldo 31.12.2025	Budsjettert bruk i 2026 (netto)
Bundne driftsfond	171 842		171 842	
herav				
grunnkapital				
næringsfondet	20 900		20 900	
næringsfondet	95 719	37 926	57 793	
øvrige bundne fond	55 223		55 223	13 780
Ubundne investeringsfond	948		948	
Disposisjonsfond	163 686		164 208	
herav				
driftsreguleringsfondet	83 932	- 2 551	86 483	

Personaldel

Utvikling i årsverk (stillingsheimlar) totalt for kommunen

År	2023	2024	2025	2026
Antall	182,85	188,63	188,51	189,66

Lønnsbudsjettet er på lik linje med budsjettet elles lagt inn med bruttotal. Inkludert i årsverk for 2026 er totalt 2 årsverk lærlingar, 2 årsverk turnuslegar og årsverk vikarar for fast tilsette som har utdanning med løn. 0,65 % stilling ved reinhald og vaktmeister som vert refundert ligg og inne. Vakante stillingar ligg òg inne i budsjettet. I tillegg ligg inne ytingar som vi gjev til Bykle sokneråd og kommunale aksjeselskap. 1 årsverk fysioterapeut som skal refunderast av Valle kommune ligg og inne i oversikta.

Politisk styring (ordførar, varaordførar, leiarar hovudutval og gruppeleiarar) ligg inne med 1,5 årsverk. I lønnskostnader ligg og kostnad ved sumarhjelp/skuleungdom, utan å telje stillingar.

Auke i løns- og pensjonskostnader er lagt inn på sentralt kapittel med 4% på årsbasis for 2026. I tillegg kjem pensjonskostnader. Premie til pensjon er avsett i hovudsak med 16,5% som kommunen sin arbeidsgjevareld. Det er dei siste åra avsett midlar til pensjonsreguleringsfondet. Dette fondet er tenkt nytta i samband med utjamning av premieavvik pensjon. Premieavvik pensjon vert berekna kvart år, og er ikkje noko vi betaler eller får utbetalt. Er det positivt premieavvik eit år påverkar dette rekneskapen positivt. Dette vert tilbakeført året etter, og då som ein kostnad. Pensjonsfondet er oppretta for å utjamne denne forskjellen i berekna tal. Ein kan òg nytte dette fondet dersom årslønsveksten vert over budsjett. Det er usikkert på korleis endring i pensjonsordninga vedkommande avtalefestet pensjon (AFP), som har første årsverknad frå 2025, slår ut på pensjonskostnad.

Dei auka kostnadane som følgjer av vedteken endring i lønnspolitisk plan er lagt inn i økonomiplanen.

Bykle kommune er i den heldige situasjon at vi har mange positive, motivera og dyktige tilsette. Desse må vi ta godt vare på. Kompetansehevingstiltak for kommunens eigne tilsette, slik at dei kan møte morgondagen sine krav, bør difor ha høg prioritering i åra som kjem.



Tiltak til årsbudsjett samla

Det er dei tilrådde tiltak som er teke med i budsjettoppstillingane

Investeringsbudsjett

Dei prioritera tiltaka gjeld i hovudsak prosjekt som låg inne i økonomiplanen 2025-2028. I tillegg er det lagt inn nye tiltak som er vurdert som viktige og aktuelle. Nokre tiltak frå økonomiplanen er samla i to hovudbolkar, stadsutvikling Bykle og stadsutvikling Hovden. Innhaldet i desse tiltaka vert ein politisk prioritering med tanke på rekkefølge for gjennomføring.

92201 Hovedplan vatn og avløp kr 10 000 000

- Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett for vatn og avløp, jfr hovedplan for VA som inneheld tiltak for rundt kr 100 mill. Vidareført frå økonomiplan 2025-2028 Arbeidet er igangsett og vil gå over fleire år. Tiltaket ligg inne med ulike beløp i heile økonomiplanperioden.

92303 Løyper og stier, tiltak utviklingsavtaler kr 1 250 000

- Tiltak opparbeiding og utbetring av sommer- og vinterløyper. Vidareført frå økonomiplan 2025-2028

92418 Turveg Hartevatn kr 5 000 000

- Opparbeiding av turveg Hartevatn (langs Rv9)

92506 Stadsutvikling Bykle kr 35 000 000

- Samla avsett i økonomiplan 2025-2028 kr 70 mill. Dette er ein samla sum for politisk prioritering av dei tiltaka som tidlegare er tatt med i økonomiplan, og andre tiltak som er kommet på. Prioritering i 2025 var Flerbrukshus/utviding samfunnshus og leilighetsbygg. Årsbeløp er vidareført frå økonomiplan 2025-2028.

92512 Skibru over Otra kr 3 200 000

- Skibru over Otra, vår andel. Restfinansiering utbyggingsavtaler.

92515 Stadsutvikling Hovden kr 15 000 000

- Samla avsett i økonomiplan 2025-2028 kr 50 mill. Dette er ein samla sum for politisk prioritering av dei tiltaka som tidlegare er tatt med i økonomiplan, og andre tiltak som er kommet på. Prioritering i 2025 var Hovden sentrum og Hegni friluftsområde. Årsbeløp er vidareført frå økonomiplan 2025-2028.

92601 Ventilasjon og stoler Hovden grendehus kr 3 125 000

- Oppgradering ventilasjon i bygget, vidareført frå budsjett 2025, samt tillegg stolamfi/gulv Hovden grendehus.

92602 Renseeenheter legionella kr 625 000

- Tiltak gjennomføring etter kartlegging legionella i 2025.

92603 Ladere garage rådhus kr 1 250 000

- Viderføring av tiltak betalbare ladere for el-biler ved rådhus

Sum investeringar i varige driftsmidlar 2026 kr 74 450 000.

Tiltaka for 2026 er finansiert netto ved bruk av frå næringsfondet kr 9 700 000, bruka lånemidlar kr 10 500 000, nye lån kr 17 200 000 og driftsmidlar kr 33 500 000

Tiltak i driftsbudsjettet

Budsjettet er lagt fram som eit rammebudsjett innan kvar tenesteeining, og i samsvar med organisasjonsmodellen. Løyvinga til einingane er nettoløyving. Splitting av ramma i rekneskapen (fordeling ut på rekneskapsomgrepet «ansvar»), vert tillagt kommunedirektøren. Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tenestetilbodet til brukarane.

Driftsbudsjettet for 2026 byggjer på ramma for 2025, utan prisvekst. Ein har justert for inntektsendringar og tilskottsendringar. Dei tiltaka det vert løyvd midlar til i 2025 og som ikkje er ferdigstilt, er ikkje lagt inn som tiltak no. Vidareføring av desse tiltaka vert vurdert ved rekneskapsavslutning for 2025.

Tiltak som er vidareført frå økonomiplan 2024-2027, lå inne for år 2025, og vert no fjerna.

- Led-lys idrettsplass kr 1 000 000
- led-lys i bygg kr 1 000 000
- Lydtetting kontor rådhus kr 500 000

Tiltak fra økonomiplan 2025-2028, for 2026, som ligg inne er

- Aktivitetskort barn og unge, årleg kr 500 000
- Lederutvikling/organisering for betre samordning og effektiv drift, 2 årig prosjekt,
 - kr 2 000 000
- Velferdsteknologi, 2 årig prosjekt med grunnarbeid og analyser for vidare utvikling av bruk av velferdsteknologi i tenestene,
 - kr 5 000 000

Nye driftstiltak 2026-2029, årleg kostnad

- Tiltak for redusert sjukefråvær, auka trivsel kr 500 000 årleg

Tiltaka er finansiert av driftsinntekter.

Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Sentraladministrasjon					
Stedsutvikling Bykle	35 000	20 000	15 000	10 000	80 000
Utviklingstiltak Hovden	15 000	10 000	15 000	10 000	50 000
Sum	50 000	30 000	30 000	20 000	130 000
Sentraladministrasjon					
Teknisk drift og eigedom					
Bustadfelt Hovden	0	0	8 000	0	8 000
Dagsparkering Vidsyn	0	1 100	0	0	1 100
Gangveg Badstogdalen Nordli	0	1 100	0	0	1 100
Hovedplan VA	10 000	10 000	20 000	20 000	60 000
Skibru over Otra	3 200	0	0	0	3 200
Turveg Harteavatn	5 000	0	0	0	5 000
Utbyggingsavtaler	1 250	625	625	1 250	3 750
Sum Teknisk drift og eigedom	19 450	12 825	28 625	21 250	82 150
Sentrale inntekter og utgifter					
Aksjer og andeler	700	700	700	700	2 800
Sum Sentrale inntekter og utgifter	700	700	700	700	2 800
Sum	70 150	43 525	59 325	41 950	214 950

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Teknisk drift og eigedom					
Hovden	3 125	0	0	0	3 125
Grendehus, ventilasjon og stoler					
Ladere garage rådhus	1 250	0	0	0	1 250
Renseenheter legionella	625	0	0	0	625
Skibru Ørnefjell	0	0	0	1 625	1 625
Sum Teknisk drift og eigedom	5 000	0	0	1 625	6 625
Sum	5 000	0	0	1 625	6 625

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Investeringer i varige driftsmidler	74 450	42 825	58 625	42 875
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	700	700	700	700
Sum finansieringsbehov	75 150	43 525	59 325	43 575
Kompensasjon for merverdiavgift	-2 250	-125	-125	-575
Salg av varige driftsmidler	-2 000	-2 000	-7 000	-4 000
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	-15 000	0	0
Bruk av lån	-27 700	0	-20 360	-14 465
Videreutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	650	650	650	650
Mottatte avdrag på videreutlån	-650	-650	-650	-650
Overføring fra drift	-43 200	-26 400	-31 840	-24 535
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-75 150	-43 525	-59 325	-43 575
Sum finansieringsbehov	75 150	43 525	59 325	43 575
Sum finansiering	-75 150	-43 525	-59 325	-43 575
Udekt finansiering	0	0	0	0

Hovudtala i budsjettforslaget

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Rammetilskudd	-22 118	-24 051	-30 735	-30 781	-30 783	-30 781
Inntekts- og formuesskatt	-45 529	-51 768	-54 563	-54 563	-54 563	-54 563
Eiendomsskatt	-56 785	-56 300	-54 749	-54 749	-54 749	-54 749
Andre generelle driftsinntekter	-127 093	-92 700	-87 800	-85 026	-82 413	-92 024
Konsesjonskraft	-58 000	-58 600	-66 041	-66 041	-62 103	-62 103
Sum frie inntekter	-309 526	-283 419	-293 888	-291 160	-284 611	-294 220

Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Kommunedirektørens framlegg til Budsjett 2026, Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Politisk styre,råd ,utvalg	5 606	3 727	4 169	4 169	4 169	4 169
Sentraladministrasjon	108 886	62 918	58 500	58 548	55 048	58 548
Helse og omsorg	51 534	59 928	59 767	54 767	54 767	54 767
Teknisk drift og eigedom	34 327	27 278	30 107	29 607	29 607	29 607
Kultur og fritid	11 814	12 105	12 302	12 302	12 302	12 302
Oppvekst	45 130	48 837	50 670	50 670	50 670	50 670
Interkommunale samarbeid/anna eksternt	34 004	35 743	37 835	36 137	36 379	36 557
Sentrale inntekter og utgifter	35 710	-1 020	-1 020	-1 020	-1 020	-1 020
Driftsutgifter per tenestoområde	327 011	249 516	252 329	245 179	241 921	245 599

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Renteinntekter	-16 832	-14 606	-14 606	-11 606	-11 606	-11 606
Utbytter	-13 766	-12 063	-5 656	-5 853	-6 379	-6 379
Renteutgifter	5 261	5 540	5 540	7 890	8 783	10 801
Avdrag på lån	9 379	10 675	10 675	12 241	12 837	14 182
Netto finansinntekter/finansutgifter	-15 959	-10 454	-4 047	2 672	3 635	6 998
Finansutgifter i tenestoområda	0	0	0	0	0	0
Totale finansutgifter	-15 959	-10 454	-4 047	2 672	3 635	6 998
Motpost avskrivninger	-26 339	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
Motpost avskrivninger	-26 339	-26 000	0	0	0	0

Disponering av driftsramma

Driftsramme fordelt på funksjon

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Politisk styring	4 923	5 812	6 254	6 254	6 254	6 254
Kontroll og revisjon	1 178	1 258	1 392	1 392	1 392	1 392
Administrasjon	38 903	83 477	80 102	78 102	77 902	77 902
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	361	954	1 199	1 199	1 199	1 199
Administrasjonslokaler	4 860	3 159	5 051	5 051	5 051	5 051
Barnehage	12 955	15 498	16 775	16 775	16 775	16 775
Grunnskole	29 458	29 155	30 432	30 432	30 432	30 432
Voksenopplæring	3 310	1 193	545	545	545	545
Skolefritidstilbud	2 871	2 533	2 651	2 651	2 651	2 651
Barnehagelokaler og skyss	2 230	2 273	1 910	1 910	1 910	1 910
Skolelokaler	6 110	3 582	4 112	4 112	4 112	4 112
Aktivitetstilbud barne og unge	1 844	1 511	1 535	1 535	1 535	1 535
Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	3 026	4 457	5 443	5 443	5 443	5 443
Annet forebyggende helsearbeid	616	717	1 017	1 017	1 017	1 017
Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelse mv	12	120	120	120	120	120
Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	13 620	10 859	8 383	8 383	8 383	8 383

Kommunedirektørens framlegg til Budsjett 2026, Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	2 484	1 656	1 656	1 656	1 656	1 656
Barneverntjeneste	1 557	2 330	2 330	2 330	2 330	2 330
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	21 404	26 826	29 798	24 798	24 798	24 798
Hjemmetjenester – personellbase knyttet til bofellesskap/samløsliserte omsorgsboliger (NY F.O.M ...	5 237	3 338	6 155	6 155	6 155	6 155
Hjemmetjenester – ambulerende virksomhet med mer (NY F.O.M 2024)	9 686	9 943	5 850	5 850	5 850	5 850
Institusjonslokaler	10 250	3 974	4 834	4 834	4 834	4 834
Kommunalt disponerte boliger	1 579	8 197	5 405	4 905	4 905	4 905
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	146	355	1 665	1 665	1 665	1 665
Introduksjonsordningen	3 995	3 898	3 169	3 169	3 169	3 169
Ytelse til livsopphold	-13 413	3 248	2 569	2 569	2 569	2 569
Bistand til etablering og opprettholdelse av egen bolig mv.	-200	1 294	1 294	1 294	1 294	1 294
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	8 652	778	1 184	1 184	1 184	1 184
Plansaksbehandling	3 236	1 432	1 639	1 639	1 639	1 639
Byggesaksbehandling og eier seksjonering	711	304	1 115	1 115	1 115	1 115
Kart og oppmåling	681	2 935	2 104	2 104	2 104	2 104
Boligbygging og fysiske bomiljøtiltak	4 304	1 215	1 215	1 215	1 215	1 215
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg	-15 492	-58 600	-66 041	-66 041	-62 103	-62 103
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	21 619	-21 225	-29 705	-28 257	-31 557	-28 057
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	1 196	708	709	709	709	709
Samferdsel og transporttiltak	91	391	391	391	391	391
Kommunale veier	17 326	12 204	11 919	11 919	11 919	11 919
Rekreasjon i tettsted	2 916	3 893	3 008	3 008	3 008	3 008
Forebygging av branner og andre ulykker	149	-97	-63	-63	-63	-63
Beredskap mot branner og andre ulykker	6 244	5 734	6 604	6 750	6 992	7 170
Produksjon av vann	3 080	3 193	3 669	3 669	3 669	3 669
Distribusjon av vann	-8 054	-12 639	-12 725	-12 725	-12 725	-12 725
Avløpsrensing	8 568	5 279	5 605	5 605	5 605	5 605
Avløpsnett og innsamling av avløpsvann	-11 528	-15 893	-11 280	-11 280	-11 280	-11 280
Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l.	215	139	-83	-83	-83	-83
Innsamling , gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall	-762	-606	-508	-508	-508	-508
Naturforvaltning og friluftsliv	65	2	2	2	2	2
Kulturminneforvaltning	585	148	148	148	148	148
Bibliotek	1 243	1 116	1 158	1 158	1 158	1 158
Muséer	536	548	608	608	608	608
Idrett og tilskudd til andres idrettssanlegg	505	6 058	5 119	5 119	5 119	5 119
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	8 600	42	785	497	497	497
Kulturskole	2 896	3 368	3 469	3 469	3 469	3 469
Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	2 078	4 724	6 826	6 826	6 826	6 826
Kommunale kulturbygg	9 774	4 798	4 208	4 208	4 208	4 208
Den norske kirke	2 634	2 244	3 785	2 829	2 829	2 829
Gravplasser og krematorier	140	0	71	71	71	71
Skatt på inntekter og formue	-139 013	-146 668	-147 912	-147 912	-147 912	-147 912
Statlige rammetilskudd og øvrige generelle statstilskudd	-22 118	-24 051	-30 735	-30 781	-30 783	-30 781
Statstilskudd knyttet til bosetting og integrering av flytninger og drift av asylmottak	0	-14 200	-6 700	-3 926	-1 313	-10 924
Motpost avskrivninger	-26 339	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	-15 895	-9 648	-3 241	3 478	4 441	7 804
Avsetninger, bruk av avsetninger, overføring fra drift til investering og inndekning av merforbru...	-45 265	36 757	38 006	35 709	31 455	34 023
Sum	0	0	0	0	0	0

Driftsbudsjett fordelt på endringskategoriar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	249 516	249 516	249 516	249 516
Vedtak forrige periode	-4 701	-12 713	-12 213	-12 213
Lønns- og prisvekst	12 377	12 377	12 377	12 377
Tekniske justeringer	-8 184	-8 184	-8 184	-8 184
Konsekvensjusteringer	-508	-8 520	-8 020	-8 020
Konsekvensjustert ramme	249 008	240 996	241 496	241 496
Endringer i tidligere vedtatte tiltak	2 271	3 133	-625	3 053
Nye tiltak	1 050	1 050	1 050	1 050
Nye tiltak og realendringer	3 321	4 183	425	4 103
Ramme 2026-2029	252 329	245 179	241 921	245 599

Oversikt Drift

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Frie inntekter						
Rammetilskudd	-22 118	-24 051	-30 735	-30 781	-30 783	-30 781
Innteks- og formuesskatt	-45 529	-51 768	-54 563	-54 563	-54 563	-54 563
Eiendomsskatt	-56 785	-56 300	-54 749	-54 749	-54 749	-54 749
Andre generelle driftsinntekter	-127 093	-92 700	-87 800	-85 026	-82 413	-92 024
Konsesjonskraft	-58 000	-58 600	-66 041	-66 041	-62 103	-62 103
Sum frie inntekter	-309 526	-283 419	-293 888	-291 160	-284 611	-294 220
Sentrale utgifter						
Lønnsnett	0	6 900	6 900	6 900	6 900	6 900
Avskrivninger	252	26 000	26 000	26 000	26 000	26 000
Sum sentrale utgifter	252	32 900	32 900	32 900	32 900	32 900
Driftsutgifter per tenestoområde						
Politisk styre, råd, utvalg	5 606	3 727	4 169	4 169	4 169	4 169
Sentraladministrasjon	108 886	62 918	58 500	58 548	55 048	58 548
Helse og omsorg	51 534	59 928	59 767	54 767	54 767	54 767
Teknisk drift og eiendom	34 327	27 278	30 107	29 607	29 607	29 607
Kultur og fritid	11 814	12 105	12 302	12 302	12 302	12 302
Oppvekst	45 130	48 837	50 670	50 670	50 670	50 670
Interkommunale samarbeid/anna eksternt	34 004	35 743	37 835	36 137	36 379	36 557
Sentrale inntekter og utgifter	35 710	-1 020	-1 020	-1 020	-1 020	-1 020
Driftsutgifter per tenestoområde	327 011	249 516	252 329	245 179	241 921	245 599
Korr. finansutgifter i tenestoområda	0	0	0	0	0	0
Korr. avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenestoområda	0	0	0	0	0	0
Korr. motpost avskrivingar i tenestoområdet	0	0	0	0	0	0
Brutto resultat (KOSTRA)	17 737	-1 003	-8 659	-13 081	-9 790	-15 721
Netto finansutgifter og inntekter						
Renteinntekter	-16 832	-14 606	-14 606	-11 606	-11 606	-11 606
Utbytter	-13 766	-12 063	-5 656	-5 853	-6 379	-6 379
Renteutgifter	5 261	5 540	5 540	7 890	8 783	10 801
Avdrag på lån	9 379	10 675	10 675	12 241	12 837	14 182
Netto finansinntekter/finansutgifter	-15 958	-10 454	-4 047	2 672	3 635	6 998
Finansutgifter i tenestoområda	0	0	0	0	0	0

Kommunedirektørens framlegg til Budsjett 2026, Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Totale finansutgifter	-15 958	-10 454	-4 047	2 672	3 635	6 998
Motpost avskrivninger	-26 339	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
Motpost avskrivninger	-26 339	-26 000	0	0	0	0
Motpost avskrivningar i tenestoområda	0	0	0	0	0	0
Netto resultat (KOSTRA)	-24 560	-37 457	-38 706	-36 409	-32 155	-34 723
Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar						
Overføring til investering	12 605	34 400	43 200	26 400	31 840	24 275
Avsetninger til bundne driftsfond	81 011	43 500	43 500	43 500	43 500	43 500
Bruk av bundne driftsfond	-66 755	-43 500	-48 500	-43 500	-43 500	-43 500
Avsetninger til disposisjonsfond	0	3 057	506	10 009	315	10 448
Bruk av disposisjonsfond	-2 300	0	0	0	0	0
Netto avsetningar	24 560	37 457	38 706	36 409	32 155	34 723
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenestoområda	0	0	0	0	0	0
Totale avsetningar	24 560	37 457	38 706	36 409	32 155	34 723
Årsoverskot (-)/Årsunderskot (+)	0	0	0	0	0	0

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000


	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Investeringer i varige driftsmidler	74 450	42 825	58 625	42 875
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	700	700	700	700
Sum finansieringsbehov	75 150	43 525	59 325	43 575
Kompensasjon for merverdiavgift	-2 250	-125	-125	-575
Salg av varige driftsmidler	-2 000	-2 000	-7 000	-4 000
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	-15 000	0	0
Bruk av lån	-27 700	0	-20 360	-14 465
Videreutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	650	650	650	650
Mottatte avdrag på videreutlån	-650	-650	-650	-650
Overføring fra drift	-43 200	-26 400	-31 840	-24 535
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-75 150	-43 525	-59 325	-43 575
Sum finansieringsbehov	75 150	43 525	59 325	43 575
Sum finansiering	-75 150	-43 525	-59 325	-43 575
Udekt finansiering	0	0	0	0

Økonomisk utvikling i planperioden

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2025	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Sum inntekter	-369 412	-382 779	-380 051	-373 502	-383 111
Sum utgifter	368 409	374 120	366 970	363 712	367 390
Brutto resultat	-1 003	-8 659	-13 081	-9 790	-15 721
Netto finansutgifter og inntekter	-10 454	-4 047	2 672	3 635	6 998
Motpost avskrivninger	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000	-26 000
Netto resultat	-37 457	-38 706	-36 409	-32 155	-34 723
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	37 457	38 706	36 409	32 155	34 723
Årsresultat	0	-0	-0	-0	-0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	10,1 %	10,1 %	9,6 %	8,6 %	9,1 %



Kommunen sine tenesteområde


Politisk styre,råd ,utvalg

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	3 896	3 089	3 031	3 031	3 031	3 031
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	958	361	361	361	361	361
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	529	172	172	172	172	172
Overføringsutgifter	271	105	605	605	605	605
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	5 653	3 727	4 169	4 169	4 169	4 169
Driftsinntekter						
Refusjoner	-47	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-47	0	0	0	0	0
Sum	5 606	3 727	4 169	4 169	4 169	4 169

Beskriving av verksemda i dag



Under kapittel politisk styre,råd og utval ligg i tillegg til kommunestyre, formannskap, kontrollutval og hovudutvalet planutval dei øvrige råd og utval.

Kostnad gjeld i hovudsak løn og honorar til politisk nivå.

Sentraladministrasjon

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	34 441	45 228	42 484	42 484	42 484	42 484
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	16 604	16 736	17 739	15 739	15 539	15 539
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 416	1 954	1 954	1 954	1 954	1 954
Overføringsutgifter	65 694	10 015	7 336	9 384	6 084	9 584
Finansutgifter	2	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	119 157	73 932	69 514	69 562	66 062	69 562
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-2 877	-4 114	-4 114	-4 114	-4 114	-4 114
Refusjoner	-7 344	0	0	0	0	0
Overføringsinntekter	-17 212	-14 200	-6 700	-3 926	-1 313	-10 924
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-583	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-28 016	-18 314	-10 814	-8 040	-5 427	-15 038
Sum	91 141	55 618	58 700	61 522	60 635	54 524

Sentraladministrasjon

Vurdering av tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Kommunedirektøren sin stab legg vekt på å kontinuerleg vurdere og forbetre organiseringa av tenestene og kvalitetane på tenestetilbodet, i tråd med nasjonale føringar, politiske prioriteringar, overordna planverk og økonomiske rammevilkår.

Dette inneber ei systematisk evaluering av drifta av kommunen opp mot målsetjingane i kommuneplanen der ein vurderer om tenestene møter behova til innbyggerane, om dei er ressurseffektive og om dei bidreg til å nå kommunen sine overordna utviklingsmål. Gjennom eit samstundes fokus på at det er samsvar mellom tenestene lokalt og dei regionale og nasjonale måla, sørger staben for at kommunen styrer tenestene i riktig retning.

HR og organisasjon

I tråd med måla i kommuneplanen om å utvikle Bykle kommune som ein attraktiv og berekraftig arbeidsplass, har HR og organisasjon ei sentral rolle i å realisere visjonen om eit inkluderande, kompetent og helsefremjande arbeidsmiljø. Arbeidsgivarstrategien peikar ut retninga for korleis kommunen skal utvikle og ta vare på medarbeidarane sine, og legg vekt på god leiing, kompetanseutvikling og eit arbeidsmiljø som fremjar trivsel og nærvær.

HR-arbeidet er tett knytt til implementeringa av arbeidsgivarstrategien, og skal bidra til at kommunen har rett kompetanse på rett plass – både no og i framtida. Dette er avgjerande for å sikre kvalitet i

tenestene og møte framtidige behov.

Støttefunksjonane innan arkiv, politisk sekretariat, resepsjon/informasjon og lønn er viktige for stabil drift og god service, både internt og eksternt. I 2026 skal desse områda vidareutviklast med særleg vekt på digitalisering, brukarvennlege løysingar og effektiv ressursbruk.

Medbestemming og samarbeid med tillitsvalde er ein integrert del av HR- og organisasjonsarbeidet. Gjennom faste møtepunkt og god dialog sikrar vi at endringar og utviklingstiltak vert forankra i tråd med hovudavtalen. Tillitsvalde er viktige partnarar i arbeidet med arbeidsgivarstrategien, arbeidsmiljø og organisasjonsutvikling.

Økonomiavdelinga

Økonomiplanen skal bygge på kommuneplanen sin samfunnsdel, og budsjettet er år 1 i økonomiplanen. Samfunnsdelen vart vedteke i oktober 2024, slik at samhandlinga mellom dokumentane ikkje er heilt på plass enno. Med innføring av nytt økonomisystem og nytt budsjettverktøy vil økonomiplan og budsjett vere presentert på endra nivå for 2025 i forhold til tidlegare. Same nivå vil og gjelde for 2026, sjølv om det er ei endring i organisasjons-strukturen. Den fulle effekt av endringa vil ein ikkje sjå før i budsjett 2027.

Næringsavdelinga

Når ENØK-ordningane er avslutta vil det bli frigjort kapasitet til å arbeide målretta med satsingane som næringsplanen legg opp til – og med meir kraft på vekst og verdiskaping i etablert næringsliv, og større prosjekt for å skape nye arbeidsplassar og breidde i næringslivet.

Næringsavdelinga har vore gjennom bemanningsendringar. Samstundes har det vore høgt aktivitetsnivå. Strategisk næringsplan er til høyring og revisjon av lokale retningslinjer og regelverk for næringsstøtte er i slutføring. Støtteordningane for landbruk vil bli arbeidd vidare med.

Næringsavdelinga jobbar målretta med utgangspunkt i prioriteringar i kommuneplanens samfunnsdel, og operasjonalisering av strategisk næringsplan til konkrete tiltak og prosjekt i 2026.

Planavdelinga

Ny planstrategi vart vedteke i 2025 og legg opp til fleire omfattande planprosessar på område der kommunen ikkje har planverk, eller forelda planar, innafor ulike tenestemråde i kommunen. Avdelinga vil bistå med prosessretteleiing der det er ønskjeleg.

I 2026 vil ein planavdelinga ha særleg merksemd på slutføring av ny arealdel av kommuneplanen, sti- og løypeplan, besøksforvalting og arbeid med reiselivsstrategi i lag med relevante aktørar.

I 2025 har ein fått utarbeidd sjølvkost-utrekning på alle fagområde med tanke på gebyrregulativ og satsar som fell innafor våre saksfelt. Det er pårekneg med ein mindre auke i inntekter framover dersom takta i reguleringsarbeid og byggesak held fram som i dag.

Med bakgrunn i Kostra-tala og kvalitetssikringa ein oppnår gjennom klagesakshandsaming hjå Statsforvaltar, er ein trygg på at sakshandsaminga jamt over har fagleg god kvalitet i høve heimelsgrunnlag, at vi utøver god forvaltningsskikk og «godt handverk» innafor våre

saksfelt. Sakshandsamingsfrister og sakshandsamingstid i byggesak- og private reguleringsplanar og ulike saksfelt er jamt over tilfredsstillande. I 2026 ser ein trong for tyngre innsats i tilsyn og ulovlegheitsoppfølging.

Planavdelinga har generalistkompetanse i handtering av både lovpålagte oppgåver, sakshandsaming, særlovsforvaltning og ulike oppgåver som blir lagt til avdelinga. Ein opplev stor nytte av samhandling med juridisk rådgivar og teknisk, drift og eigedom og digitaliseringsrådgjevaren i oppgåveløysinga.

Ny medarbeidar med særleg digital kartkompetanse gir høve til å vere proaktive i høve nye digitale verktøy, å ta i bruk alle funksjonar i ulike kartløyisingar og kunstig intelligens (KI) framover. Arbeid med krav til areal- og klimarekneskap, vil bli søkt følgd opp i 2026. Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging er planlagt gjennom årleg plan for slike saker. I 2026 kan eit større tilsynsarbeide krevje ekstra ressursar.

Kjøp av tenester vil vere eit heilt naudsynt og viktig supplement til faste tilsette også framover.

Flyktingetenesta

Flyktingtenesta i Bykle kommune er organisert for å ivareta busetjing og integrering av flyktningar i tråd med nasjonale føringar og lovverk, mellom anna introduksjonslova og integreringslova. Tenesta samarbeider tett med NAV, skule, barnehage og helsetenester for å sikre heilskapleg oppfølging. Det blir lagt vekt på individuell tilpassing og kvalifisering til arbeid eller utdanning, i samsvar med målsetjingane i kommuneplanen og statlege retningslinjer.

Bykle kommune har busett flest flyktningar frå Ukraina, med opphald på humanitært grunnlag. Dette medfører usikkerheit om lengda på opphaldet i Noreg, og påverkar både planlegging og oppfølging. Det store talet på flyktningar gjer det utfordrande med overgang til lønna arbeid etter introduksjonsprogrammet, særleg når mange har samansette behov og ikkje er i målgruppa for arbeidsretta tiltak.

Som følge av redusert oppdragsmengde vert flyktingtenesta nedbemanna i budsjettåret. Det vil framleis vere fokus på individuell oppfølging, integrering og samarbeid med andre kommunale tenester.

Utfordringar og strategi

Kommunedirektøren sin stab står overfor fleire utfordringar som krev strategisk og langsiktig planlegging. Ein viktig del av arbeidet ligg i å balansere effektiv ressursbruk med krava til kvalitet i tenestene, samstundes som ein møter aukande forventingar frå innbyggjarar og eksterne samarbeidspartnarar. For å løyse desse utfordringane, arbeider staben aktivt med å utvikle ein heilskapleg strategi som legg vekt på innovasjon, effektivisering, organisatorisk tilpassing og eit tett samarbeid på tvers av fagfelt.

Målsetjinga er å vidareutvikle og modernisere organisasjonen og tenestetilbodet på ein måte som sikrar tilgjengelege og likeverdige tenester for alle innbyggjarar, samstundes som ein styrkar intern effektivitet og kompetanse. Slik kan kommunen sikre berekraftige tenester over tid og oppretthalde tenestenivået i møte med framtidige utfordringar

HR og organisasjon

Ei vedvarande utfordring er å finne balansen mellom daglege driftsoppgåver og langsiktig strategisk arbeid. For å kunne arbeide meir målretta med strategiske satsingar som sjukefråværsreduksjon, leiarutvikling og organisasjonskultur, må det frigjerast tid og ressursar.

Det er behov for å styrke støttefunksjonane gjennom kompetanseheving og bruk av digitale verktøy som effektiviserer arbeidsprosessar og aukar tilgjengelegheita.

Strategien for budsjettåret byggjer på følgjande grep:

- Effektivisering av administrative prosessar gjennom automatisering, digitalisering og etablering av gode rutinar.
- Kompetanseutvikling og rekruttering for å møte utfordringar med å tiltrekke og halde på nøkkelkompetanse i distriktskommunar.
- Helsefremjande tiltak som trimprosjekt og fellessamlingar for å styrke trivsel og redusere sjukefråvær.
- Implementering av arbeidsgivarstrategien med fokus på leiing, organisasjonskultur og strategisk kompetansestyring.

Økonomiavdelinga

Det er behov for å frigjeve tid og ressursar til strategisk arbeid. Innføring av nytt økonomisystem har krevd stor innsats, og arbeidet med gode prosedyrar og rutinebeskrivelser vil ha fokus vidare framover. Med ny samfunnsdel til kommuneplanen på plass starter og arbeidet med å samkjøre planverket, der økonomiplan og budsjett spiller ein stor rolle.

Næringsavdelinga:

Til trass for nasjonale trendar som dreg folk og arbeid ut av distrikta, så står det bra til med arbeidslivet i Bykle. Det er høg sysselsetting og deltaking i arbeidslivet, men lønsnivået er noko lågare enn snittet i landet.

Bykle har ein større del tilsette i privat sektor enn snittet på Agder. Det arbeider flest innanfor bygg og anlegg, overnatting, servering, varehandel og produksjonsverksemdar. Store delar av næringslivet er knytt til utbygging og vedlikehald av fritidsbustader, og tenester og handel innanfor reiseliv, treindustri og vasskraft. Servicenæringane har tradisjonelt hatt varierende lønsemd og har vore sårbare for konjunktursvingingar. Dei verksemdene som primært er retta mot den lokale marknaden har generelt eit avgrensa vekstpotensial.

Proessen med strategisk næringsplan skapte eit godt kunnskapsgrunnlag om næringslivet sine behov og ønskje. Gjennom politiske verkstader har ein fått peikt ut nye retningar for næringsarbeidet som bli prøvd ut frå 2026 med nye satsingar og dreining av verkemiddelbruken. Målet er å understøtte ønskje om vekst, verdiskaping og auka lønsemd.

Planavdelinga:

Planavdelinga har naudsynt bemanning (kompetanse og kapasitet) til å handtere saksområda i det daglege, men har tidvis framleis behov for eksterne tenester med spisskompetanse og kapasitet til prosjektgjennomføring o.a. - Dette er effektivt i høve til oppgåveutføring, men kostnadsdrivande samanlikna med ordinær tilsetting.

Avdelinga tek òg koordinering av overordna karakter, og har mykje ansvar og saksførebuing i høve strategiske saker. Dette inneber med anna arbeid med utbyggingsavtaler og løypeavtaler, og ulike

arrangement som temadagar, arbeidsverkstader, påskemøte og dialog med ressursgruppa for hyttevelforeiningar, opningsarrangement, vegopningar osv. Desse arenaene er tovegs-nyttige for å drive relevant planlegging innfor prioriterte oppgåver og tingingar frå politisk nivå.

Vi prioriterer òg aktiv samhandling med Agder fylkeskommune med tiltak nedfelt i samarbeidsavtale. Samarbeid med kommunale utviklingsselskap i prosjektutvikling, og med oppfølging har også prioritert med t.d. konsept for bygging av utleigebustader/eige-for leige, nye hyblar for Hovden skigymnas, sentrumsbygg, næringsaktørar med arealbehov, og sykkelrutesatsingar.

Vidare samarbeider avdelinga med Statens vegvesen for å sikre prioritet og realisering av riksveg 9-utbygging, rundkøyring/løypetiltak, og trafikksikringstiltak.

Ny planstrategi legg rammer for revisjon og utvikling av nye temaplanar og kommunedelplanar, og eventuelt kommunale reguleringsplanar. I 2026 vil vi m.a. starte arbeidet med revisjon av reguleringsplan for Bykle sentrum.

Som småkommune og distriktkommune har vi etablert tett dialog med forskings – og utdanningsinstitusjonar som Norges miljø- og biovitenskaplige universitet (NMBU), for å medverke til fokus og langsiktig nytte for Bykle. Samarbeid med Distriktssenteret vil venteleg også vere nyttig framover for å finne nye måtar å auke utviklingskapasiteten, og å sikre ein best mogleg utviklingsdynamikk og kunnskapsbasert tilnærming med kunnskapsoverføring frå andre distriktkommunar.

Flyktingetenesta

Dei siste åra har kommunen busett eit relativt høgt tal flyktningar, og fleire av dei har helseutfordringar, er eldre eller har livssituasjonar som gjer at dei ikkje kan delta i arbeidslivet. Dette krev ei anna form for oppfølging enn det som ligg til grunn i det ordinære introduksjonsprogrammet.

Flyktingtenesta ser behov for å utvikle alternative tiltak som kan bidra til livskvalitet, sosial deltaking og inkludering i lokalsamfunnet. Dette inneber tett samarbeid med helse- og omsorgstenester, frivillige aktørar og lokale nettverk.

For å sikre god kvalitet i oppfølginga og kunne arbeide meir målretta med dei flyktingane som allereie er busette, ønskjer Bykle kommune å ta ein pause frå vidare busetjing i 2026. Dette vil gi tenesta rom til å konsolidere arbeidet, vidareutvikle rutinar og styrke kvaliteten i oppfølginga.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	34 441	45 228	42 484	42 484	42 484	42 484
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	16 604	16 736	17 739	15 739	15 539	15 539
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 416	1 954	1 954	1 954	1 954	1 954
Overføringsutgifter	65 694	10 015	7 336	9 384	6 084	9 584
Finansutgifter	2	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	119 157	73 932	69 514	69 562	66 062	69 562
Driftsinntekter						

Kommunedirektørens framlegg til Budsjett 2026, Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Salgsinntekter	-2 877	-4 114	-4 114	-4 114	-4 114	-4 114
Refusjoner	-7 344	0	0	0	0	0
Overføringsinntekter	-17 212	-14 200	-6 700	-3 926	-1 313	-10 924
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-583	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-28 016	-18 314	-10 814	-8 040	-5 427	-15 038
Sum	91 141	55 618	58 700	61 522	60 635	54 524

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			62 918	62 918	62 918	62 918
Sum Vedtak forrige periode			-5 201	-7 713	-7 213	-7 213
Sum Lønns- og prisvekst			-2 240	-2 240	-2 240	-2 240
Konsekvensjusteringer			-7 441	-9 953	-9 453	-9 453
Konsekvensjustert ramme			55 477	52 965	53 465	53 465
Endringer i tidligere vedtatte tiltak						
Korrigerende næringsramme		Sentraladministrasjon	2 523	5 083	1 083	4 583
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak			2 523	5 083	1 083	4 583
Nye tiltak						
Reduksjon sykefravær, trivselsprosj		Sentraladministrasjon	500	500	500	500
Sum Nye tiltak			500	500	500	500
Nye tiltak og realendringer			3 023	5 583	1 583	5 083
Ramme 2026-2029			58 500	58 548	55 048	58 548

Samandrag budsjett

Kommunedirektøren sin stab har ansvar for styring, leiding, utvikling og støttetjenester for heile kommunen. Blant hovudutfordringane er å oppretthalde høg kvalitet på tenestene i møte med aukande forventningar og endra rammevilkår. Gjennom ein strategisk og langsiktig tilnærming, og ei kontinuerleg evaluering av tenestetilbodet opp mot kommunen sine mål, legg staben grunnlaget for ein framtidsretta og berekraftig drift av kommunen.

Mål for budsjettåret HR og organisasjon

HR og organisasjon skal i 2026 prioritere følgjande mål:

1. Redusere sjukefråværet med 1 prosentpoeng gjennom helsefremjande tiltak og tett oppfølging.
2. Vidareutvikle trimprosjektet med mål om auka deltaking og dokumentert effekt.
3. Gjennomføre fellessamlingar med inspirasjonsforedrag for å styrke samhald og motivasjon.
4. Implementere arbeidsgivarstrategien med særleg fokus på kompetanseutvikling, leiarstøtte og organisasjonskultur.
5. Styrke rekrutteringsarbeidet gjennom målretta tiltak, inkludert deltaking på utdannings- og karrieremesser, samt utvikling av digitale rekrutteringskampanjar.
6. Frigjere tid til strategisk arbeid ved å effektivisere administrative prosessar.

Agenda for budsjettåret

Oppfølging og implementering av arbeidsgivarstrategien

- Konkretisere tiltak innan kompetanseutvikling, leiarstøtte og organisasjonskultur.
- Starte arbeidet med strategisk kompetansestyring.
 - ◇ Reduksjon av sjukefråvær
- Vidareføre helsefremjande tiltak som trimprosjektet.
- Styrke samarbeid mellom HR, leiarar og vernetenesta.
 - ◇ Styrking av rekruttering og kompetansearbeid
- Utvikle tiltak for å tiltrekke og halde på nøkkelkompetanse.
- Vurdere nye rekrutteringskanalar og delta på karrieremesser.
 - ◇ Digitalisering og modernisering av støttefunksjonar
- Vidareutvikle digitale løysingar innan arkiv, politisk sekretariat, resepsjon/informasjon og lønn.
- Vurdere bruk av automatiserte system for dokumenthandtering.
- Styrke digital kompetanse blant tilsette i støttefunksjonane.
 - ◇ Organisasjonsutvikling og fellesskap
- Planleggje og gjennomføre fellessamlingar med inspirasjonsforedrag.
- Styrke intern kommunikasjon og arenaer for samhandling.
 - ◇ Strategisk kapasitetsbygging
- Frigjere tid og ressursar til strategisk HR-arbeid.
- Vurdere behov for kompetanseheving innan strategisk HR og organisasjonsutvikling.

Mål for budsjettåret næringsadelinga

Avdelinga skal medverke til vekst i næringslivet lokalt og nye arbeidsplassar i privat sektor.

Avdelinga vil fokusere på næringsutvikling med eit samfunnsperspektiv, der vi legg vekt på dei tre inngongane til berekraftig utvikling (økonomisk, miljø og klima, og sosial berekraft).

Endra nasjonale føringar for bevaring av natur vil venteleg ha stor konsekvens for viktige bransjar og verksemdar knytt til hyttebygging og reiseliv i vår kommune. Omstilling til meir miljøvennleg utbygging, høgare gjestebelegg i eksisterande bygningsmasse og samhandling for å gi gode opplevingar og halde

besøksattraktiviteten oppe, tilseier at kommunen må ta ei rolle i «besøksforvaltinga». Plan – og næringsavdelinga vil invitere lokale og regionale aktørar til å medverke til å utvikle ein besøks- og reiselivsstrategi i 2026.

Landbruket er ei avgrensa næring i tal arbeidsplassar, men særskild viktig for auka lokal sjølvforsyning og ikkje minst for å halde dei levande og verdfulle kulturlandskapa i hevd og nytte utmarksressursane i Bykle. Klimaendringar og ny teknologi kan gi opning for dyrking av nye vekstar og meir kortreist mat til fastbuande og tilreisande framover.

I omskiftelege tider står fortrinna til Bykle fram i høve nye «grøne næringar» - både naturressursane, krafta vår og fjellsamfunna blir oppfatta som trygge og attraktive for fleire. For å utløyse større og tunge etableringar vil vi i 2026 leggje tid og krefter i skape grunnlag for at det kan kome slike aktørar til kommunen.

Næringsavdelinga vil særleg prioritere samarbeid med etablerte verksemdar som ønskjer vidareutvikling og som har vekstpotensial.

Strategisk og operativt fokus i næringsarbeidet

- Arbeide systematisk med operasjonalisering av strategisk næringsplan når den er vedteken.
- Arbeide utadretta, vere synlege og søkje samhandling med næringslivet, og tett på hjørnesteinsverksemdene i utviklings- og vekstprosjekt
- Gjennom nye rutinar og regleverk for bruk av næringsramma skal ein søkje å optimalisere effekten av næringsstøtte målt i auka verdiskaping, vekst, lønsemd og sysselsetting.
- Gjennom arrangement, kompetansetilbod og anna relatert aktivitet skal ein fremje nyskaping og bruk av ny kunnskap og teknologi.
- Gjennom samarbeid med regionalt verkemiddelapparat og FOU-miljø skal ein ta utgangspunkt i lokale fortinn og initiere nye etableringar og næringar som gir større breidde og eit meir robust næringsliv lokalt.

Samspel

- Vi er i samspel med dei folkevalde og verdset dynamikken mellom politiske føringar og fagleg godt handverk.
- Vi vil arbeide med å vidareutvikle samla utviklingskapasitet og utviklingskultur relatert til næringsliv og næringsattraktivitet.
- I arbeidet med å «lande inn» større aktørar innafor grøn industri treng vi samspel med nøkkellaktørar med spisskompetanse og røynsle for å kome i posisjon og å leggje til rette for at etableringar kan kome hit.

Agenda for budsjettåret

Den nye kommuneplan og utkastet til strategisk næringsplan har fokus på å utvikle eit breiare og meir robust næringsliv. I det ligg tilrettelegging for eksisterande og nye næringar. I arbeidet med strategisk næringsplan, ser ein føre seg at kommunen må prioritere tydelegare innanfor næringsramma, og disponere ressursane til prosjekt og satsingar som kan gi effekt i form av auka sysselsetting, verdiskaping og lønsemd. Ein ser det òg som aktuelt å prioritere meir kurs og formidling av ordningar frå regionalt næringsapparat – og slik medverke til at lokale verksemdar får auka ekstern finansiering i utvikling av forretningsområde og nye tenester eller varer.

Arbeid med å leggje til rette for etablering av meir kraftkrevjande verksemdar krev at ein får tilgang til straum og at ein har tilrettelagt for etableringar med regulerte område. Ei eventuell satsing vil både omfatte mykje regionalt og nasjonalt arbeid politisk og administrativt for å utløyse slike etableringar og nytte eventuelt handlingsrom, som kan følgje med planane for pumpekraftverk i kommunen.

Vi vil òg sette regional samhandling med verkemiddelapparat og FOU-miljø på agendaen. Dette kan til dømes vere i høve fokus på nye større etableringar og kraftkrevjande verksemdar i produksjonskommunar som Bykle.

Næringsavdelinga har òg ha ei rolle i arbeidet med arealdelen til ny kommuneplan – og vurdering av arealreservar til ulike næringer og lokalisering av næringsområde.

Mål for budsjettåret planavdelinga

Berekraftig utvikling

- Vi arbeider systematisk med operasjonalisering av utvalde berekraftsmål i Bykle kontekst – og i høve prioriterte satsingsområde i ny samfunnsdel av kommuneplanen.
- Vi har særleg merksemd på styrking av stadkjensle og differensiert utvikling mellom Bykle og Hovden, og at det samla understøtter ein heilskapleg utvikling av kommunen.
- Vi har infrastruktur og areal som understøtter ønskja nærings- og samfunnsutvikling.
- Vi arbeider med besøksforvaltning og tilrettelegging av ferdsle og friluftsliv som både er bra for reiselivet og naturen, og lokal verdiskaping. .

Samspel

- Vi er i samspel med dei folkevalde og verdset dynamikken i politiske føringar og fagleg godt handverk.
- Vi har òg teke ei rolle som tilretteleggjarar, og koordinerer mellom interne og eksterne aktørar for iverksetting av utviklingsprosjekt som vedkjem arealplanlegginga og -forvaltinga.

Agenda for budsjettåret

I samband med ny arealdel til kommuneplan er det behov for ny kunnskap innanfor fleire tema, som naturtypekartlegging, landbrukssatsing og kartlegging av dyrkingsressursar, næringsareal, klima- og miljø, arealrekneskap, og ei rekke tema relatert til risiko- og sårbarheit, konsekvensvurderingar osb.

Satsingsområda stadutvikling i Bykle og destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden bør følgjast opp med eventuelle naudsynte planrevisjonar og planlegging av fysiske tiltak. Det gjeld oppfølging av plan om fleirbrukshall i Bykle, , og bustadpolitikk som femner alle aldersgrupper. I kommuneplanen har ein fokusert på å utvikle eit breiare og meir robust næringsliv – i det ligg òg tilrettelegging for eksisterande og nye næringer..

Bykle er ein hyttekommune med fokus på løyper, parkering og utfart, og behov for å kanalisere ferdsla. Det er forventingar til skibruer, fleire utfartsparkeringar, og små og større tiltak som tek omsyn til både friluftinteressene og villreininteressene. Avdelinga kan bistå med reguleringsarbeid.

Sykkelrutesatsinga bør følgjast opp. Turvegen ved Hartevatn vil venteleg bli klar til realisering av delar av strekninga i 2026.

I lag med Agder fylkeskommune vil det vere viktig å få landa og iverksett planar om nye hybelbygg for Hovden skigymnas, med arkeologiske undersøkingar og mindre reguleringsendringar.

Universell tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, aldersvennlege bustader og tettstader fortener meir merksemd i 2026. Det kan vere tilrettelegging rundt etablerte nærtur-anlegg og turløyper med benkar og egna dekke – utvikling av nye bumiljø eller anna.

Fagleg utvikling og samarbeid med utdannings – og forskingsinstitusjonar er strategisk viktig for å sikre fagleg oppdatering gjennom etter- og vidareutdanning, men òg langsiktig med tanke på rekruttering og fokus på småkommune og distriktsrelevant fagdiskurs. Samarbeidsavtalen med Norges miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) gir moglegheiter for fagleg påfyll og utvikling administrativt og politisk i 2026.

Flyktningetenesta

Mål for budsjettåret

Sikre god og tilpassa oppfølging av flyktningar som allereie er busette i kommunen.

- Utvikle og ta i bruk alternative tiltak for flyktningar som ikkje kan delta i arbeidslivet.
- Styrke kompetansen i tenesta innan psykisk helse og arbeid med sårbare grupper.
- Vidareutvikle samarbeid med Valle kommune, frivillige og lokalsamfunnet for å fremje inkludering.
- Konsolidere og kvalitetssikre rutinar og dokumentasjon i tenesta.

Agenda for budsjettåret

- Kartleggje behov og utvikle tiltak for flyktningar med langvarige helseutfordringar.
- Evaluere og forbetre rutinar for individuell planlegging og dokumentasjon.
- Utarbeide plan for framtidig organisering og dimensjonering av tenesta.



Helse og omsorg

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	84 960	82 015	84 252	84 252	84 252	84 252
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 404	11 749	11 753	6 753	6 753	6 753
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 035	1 199	1 199	1 199	1 199	1 199
Overføringsutgifter	1 117	0	0	0	0	0
Finansutgifter	3	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	94 519	94 963	97 204	92 204	92 204	92 204
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-5 900	-4 189	-4 189	-4 189	-4 189	-4 189
Refusjoner	-37 082	-30 846	-33 249	-33 249	-33 249	-33 249
Sum Driftsinntekter	-42 982	-35 035	-37 438	-37 438	-37 438	-37 438
Sum	51 537	59 928	59 767	54 767	54 767	54 767

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			59 928	59 928	59 928	59 928
Sum Vedtak forrige periode			0	-5 000	-5 000	-5 000
Sum Lønns- og prisvekst			10 591	10 591	10 591	10 591
Sum Tekniske justeringer			-8 184	-8 184	-8 184	-8 184
Konsekvensjusteringer			2 407	-2 593	-2 593	-2 593
Konsekvensjustert ramme			62 336	57 336	57 336	57 336
Endringer i tidligere vedtatte tiltak						
Endring off tilskudd PU		Helse og omsorg	-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak			-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
Nye tiltak og realendringer			-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
Ramme 2026-2029			59 767	54 767	54 767	54 767

Pleie- og omsorgstenesta

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	46 614	42 804	45 958	45 958	45 958	45 958
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 069	8 481	8 482	3 482	3 482	3 482
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	155	482	482	482	482	482
Overføringsutgifter	411	0	0	0	0	0
Finansutgifter	2	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	50 250	51 767	54 921	49 921	49 921	49 921
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-3 627	-1 607	-1 607	-1 607	-1 607	-1 607
Refusjoner	-10 506	-7 124	-9 693	-9 693	-9 693	-9 693
Sum Driftsinntekter	-14 134	-8 731	-11 300	-11 300	-11 300	-11 300
Sum	36 116	43 036	43 621	38 621	38 621	38 621

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			43 036	43 036	43 036	43 036
Sum Vedtak forrige periode			0	-5 000	-5 000	-5 000
Sum Lønns- og prisvekst			3 155	3 155	3 155	3 155
Konsekvensjusteringer			3 155	-1 845	-1 845	-1 845
Konsekvensjustert ramme			46 190	41 190	41 190	41 190
Endringer i tidligere vedtatte tiltak						
Endring off tilskudd PU		Helse og omsorg	-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak			-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
Nye tiltak og realendringer			-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
Ramme 2026-2029			43 621	38 621	38 621	38 621

Samandrag budsjett

Pleie- og omsorgstenesta skal ha eit særleg fokus på tiltak og organisering som vil styrke heimebaserte tenester. Dette er viktig for å styrke tilhøva for at den enkelte kan leve sjølvstendig og bu trygt heime lengst mogleg. Satsinga svarar på reforma "Bu trygt heime", og er i samsvar med mål krav knytt til andre reformar, forskrifter og lovkrav.

Prioriteringar og mål for budsjettåret

Tidleg innsats og hjelp til sjølvhjelp

Tidleg innsats handlar om å identifisere behov tidleg for å forhindre forverring og redusere behovet for meir omfattande tiltak seinare. Hjelp til sjølvhjelp inneber å styrke brukaranes evne til å ta vare på seg sjølv og leve så sjølvstendig som mogleg.

Tilfredsstillande rehabiliteringstilbod og hjelpemiddelhandtering

Rehabilitering og hjelpemiddel er avgjerande for å støtte brukarar i å oppnå best mogleg funksjonsevne og livskvalitet, og kan redusere behovet for meir omfattande tenestebehov.

Samarbeid med frivillige og pårørende

Samarbeid med frivillige og pårørende i pleie- og omsorgstenesta kan førebyggje einsemd og auke livskvaliteten til brukarane, samtidig som det kan avlaste helsepersonell i ei tid med knappe ressursar.

Digitalisering og velferdsteknologi

Vi vil jobbe for å auke bruken av velferdsteknologi i tenesta. Måla er å auke pasientsikkerheita og kvaliteten, meir effektiv ressursbruk, styrke brukarmedverknaden, auke brukaranes sjølvstende og meistring, og fremje sosial deltaking. Det vart i budsjett 2025 bevilga økonomiske midlar til utvikling av digitalisering og velferdsteknologi. Grunna fråver i stillingar og administrasjon, var det i budsjett år 2025 ikkje moglegheitar for å arbeide med dette. Dette vil bli prioritert i 2026 og 2027 og viktig at prosjekt midlar blir overført til toårs peripde 2026 og 2027.

Saksbehandling og tildeling av tenester

Vi skal auke fokuset på riktig omfang av tenestene og riktig plassering av tenestene i innsatstrappa.

Vurdere om tenesta er organisert på ein tenleg måte

Gjennom KS-prosjektet TØRN vil vi sjå på korleis oppgåvene og tenestene er organisert, og kva for kompetanse som løyser oppgåvene og leverer tenestene. Målet er å finne ut om ein kan dekke behova gjennom meir effektiv organisering og utnytting av kompetanse. Tenesta er nå i siste del av prosjektet som vil vere ferdig fyrste halvdel av 2026.

Leiar- og administrasjonsressursane

Pleia- og omsorgstenesta står overfor eit framtidsbilete som krev endring. Nye arbeidsmåtar og behandlingsmåtar, kortare liggetid i spesialisthelsetenesta, demografisk utvikling med fleire eldre, nye pasientgrupper og aukande krav til kompetanse og digitale løysingar er nokre av utfordringane vi står overfor. Dette krev nye måtar å jobbe på, og nye oppgåver og ansvar for tilsette i alle delar av organisasjon. God leiing er avgjerande for å få til gode prosessar og gode tenester. Bykle kommune har 2025 arbeidet med leiarstruktur og tenestene helse og omsorg har nå kommunalsjef. Dette styrkjer leiinga og gjev moglegheiter for å arbeids målretta med strategi og utviklingsarbeid.

Helsetenesta i Bykle og Valle**Fordeling på hovudart**

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	38 346	39 211	38 295	38 295	38 295	38 295
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 335	3 268	3 271	3 271	3 271	3 271
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	881	717	717	717	717	717
Overføringsutgifter	706	0	0	0	0	0
Finansutgifter	1	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	44 269	43 197	42 283	42 283	42 283	42 283
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-2 272	-2 582	-2 582	-2 582	-2 582	-2 582
Refusjoner	-26 576	-23 722	-23 556	-23 556	-23 556	-23 556
Sum Driftsinntekter	-28 848	-26 304	-26 138	-26 138	-26 138	-26 138
Sum	15 421	16 892	16 145	16 145	16 145	16 145

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			16 892	16 892	16 892	16 892
Sum Lønns- og prisvekst			7 437	7 437	7 437	7 437
Sum Tekniske justeringer			-8 184	-8 184	-8 184	-8 184
Konsekvensjusteringer			-747	-747	-747	-747
Konsekvensjustert ramme			16 145	16 145	16 145	16 145
Ramme 2026-2029			16 145	16 145	16 145	16 145

Samandrag budsjett

Helsetenesta i Bykle og Valle skal i 2026 halde fram med å levere naudsynthe og fagleg forsvarlege helsetenester til alle som bur eller oppheld seg i kommunane. Tenesta skal vere prega av kvalitet, tryggleik, samhandling og brukarorientering, i tråd med nasjonale føringar og lokale behov.

Hovudmål for budsjettåret 2026:

- Sikre eit forsvarleg og likeverdig helsetilbod i heile kommunen.
- Styrke brukarmedverknad og eigenmeistring.
- Bidra til berekraftig utvikling av helsetenesta gjennom realistisk budsjettering og betre ressursstyring.
- Vidareutvikle samhandling internt og med andre aktørar i helse- og omsorgssektoren.

Strategiske satsingsområde

- Berekraft i tenesta**
 - Vidareutvikle internkontroll og organisering for å redusere sårbarheit ved fråvær.
 - Vurdere dimensjonering og innhald i tenestene for å sikre rett bruk av kompetanse og ressursar.
 - Prioritere tiltak som gir betre kontinuitet og reduserer behovet for kostbar vikarbruk.
- Rekruttering og kompetanse**
 - Arbeide målretta for å rekruttere og behalde kvalifisert helsepersonell, særleg innan lege-, jordmor- og psykologtenesta.
 - Legge til rette for fagleg utvikling og tverrfagleg samarbeid.
- Utstyr og investeringar**
 - Kartlegge behov for fornying av utstyr, særleg innan fysioterapi og rehabilitering.
 - Vurdere investeringar som kan effektivisere drift og betre pasientbehandling.

Teknisk drift og eigedom

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	20 135	20 536	22 582	22 582	22 582	22 582
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	43 837	39 843	40 350	39 850	39 850	39 850
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	10 696	11 247	12 019	12 019	12 019	12 019
Overføringsutgifter	12 314	-500	-500	-500	-500	-500
Finansutgifter	30 000	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	116 982	71 127	74 451	73 951	73 951	73 951
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-44 877	-43 832	-44 328	-44 328	-44 328	-44 328
Refusjoner	-7 778	-16	-16	-16	-16	-16
Overføringsinntekter	-30 000	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-4 437	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-87 092	-43 848	-44 344	-44 344	-44 344	-44 344
Sum	29 890	27 278	30 107	29 607	29 607	29 607

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			27 278	27 278	27 278	27 278
Sum Vedtak forrige periode			500	0	0	0
Sum Lønns- og prisvekst			2 053	2 053	2 053	2 053
Konsekvensjusteringer			2 553	2 053	2 053	2 053
Konsekvensjustert ramme			29 832	29 332	29 332	29 332
Endringer i tidligere vedtatte tiltak						
Endr selvkostberegning		Teknisk drift og eigedom	2 980	2 980	2 980	2 980
Endring husleieinntekt		Teknisk drift og eigedom	-2 705	-2 705	-2 705	-2 705
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak			275	275	275	275
Nye tiltak og realendringer			275	275	275	275
Ramme 2026-2029			30 107	29 607	29 607	29 607

Investeringsbudsjett

Investeringstabell

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	Økonomiplan 2026-29
Bustadfelt Hovden	0	0	8 000	0	8 000
Dagsparkering Vidsyn	0	1 100	0	0	1 100
Gangveg Badstogdalen Nordli	0	1 100	0	0	1 100
Hovden	3 125	0	0	0	3 125
Grendehus, ventilasjon og stoler					
Hovedplan VA	10 000	10 000	20 000	20 000	60 000
Ladere garage rådhus	1 250	0	0	0	1 250
Renseenheter legionella	625	0	0	0	625
Skibru over Otra	3 200	0	0	0	3 200
Skibru Ørnefjell	0	0	0	1 625	1 625
Stedsutvikling Bykle	35 000	20 000	15 000	10 000	80 000
Turveg Hartevatn	5 000	0	0	0	5 000
Utbyggingsavtaler	1 250	625	625	1 250	3 750
Utviklingstiltak Hovden	15 000	10 000	15 000	10 000	50 000
Sum investeringsprosjekt	74 450	42 825	58 625	42 875	218 775

Tekniske drift og eigedom

Vurdering av tenestetilbudet og forholdet til overordna planverk

Eining for teknisk drift og eigedom har eit breitt ansvarsområde knytt til drift, vedlikehald og utvikling av kommunale bygg, eigedomar, vegar, vatn- og avlaupsanlegg samt bustadar. Dette omfattar både dagleg drift, tilsyn og oppfølging av eksisterande infrastruktur, og gjennomføring av investeringar i tråd med kommunestyret sine prioriteringar.

Arbeidet er tett forankra i samfunnsdel av kommuneplan og økonomiplanen. Planverket peikar på behovet for berekraftige løysingar, langsiktig ressursforvaltning og styrkt attraktivitet i både Bykle kyrkjebygd og på Hovden. Eininga spelar ei nøkkelrolle i gjennomføringa av desse måla ved å sikre at bygg og anlegg er funksjonelle, energieffektive og tilpassa framtidige behov.

Sjølv om standard på bygg og utstyr er bra er behovet for oppgradering og vedlikehald stort. Dette for å oppretthalde dagens vedlikehaldsnivå og unngå etterslep. Samstundes må nye investeringar vurderast nøye opp mot økonomiske rammer og tilgjengeleg kapasitet.

Utfordringar og strategi

Eininga møter fleire sentrale utfordringar:

- Ressursbalanse: Det er krevjande å handtere både høgt aktivitetsnivå på investeringar og dagleg drift innanfor avgrensa rammar.
- Auka krav til klima og energi: Kommunale bygg må driftast meir energieffektivt, og nye prosjekt må planleggast med lågare klimafotavtrykk.
- Vatn- og avlaupsnettet: Hovudplan for VA peikar på eit omfattande investeringsbehov på om lag 100 mill. kroner over fleire år.

- Stort vedlikehaldsbehov for kommunale vegar. For å møte dette skal det utarbeidast hovudplan for veg, som legg langsiktige føringar for drift, vedlikehald og fornying, slik at ressursane kan nyttast meir målretta og føreseieleg.
- Kapasitet og rekruttering: Mange parallelle prosjekt saman med drift krev personellressursar, og det er utfordrande å rekruttere og halde på rett kompetanse.
- Geografisk spreing: Dobbelstruktur mellom Bykle og Hovden medfører høge driftskostnader, noko som på sikt kan krevje politiske prioriteringar.

For å møte desse utfordringane legg eininga opp til følgjande strategi:

- Prioritere lovpålagde oppgåver og sikre forsvarleg drift og vedlikehald.
- Tilpasse investeringsnivået til realistisk kapasitet i organisasjonen.
- Satse på sambruk av bygg og berekraftige løysingar i alle prosjekt.
- Arbeide målretta med energieffektivisering og bruk av velferdsteknologi der det er relevant.
- Bruke bustadprosjekt og «leige før eige»-modellen til å styrke bustadattraktiviteten og frigjere eldre bustader for sal.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	17 374	17 586	18 062	18 062	18 062	18 062
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	35 852	34 822	35 328	34 828	34 828	34 828
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	391	205	205	205	205	205
Overføringsutgifter	11 837	-500	-500	-500	-500	-500
Finansutgifter	30 000	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	95 454	52 113	53 095	52 595	52 595	52 595
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-5 233	-4 581	-7 286	-7 286	-7 286	-7 286
Refusjoner	-7 339	-16	-16	-16	-16	-16
Overføringsinntekter	-30 000	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 100	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-44 673	-4 598	-7 302	-7 302	-7 302	-7 302
Sum	50 782	47 516	45 793	45 293	45 293	45 293

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			47 516	47 516	47 516	47 516
Sum Vedtak forrige periode			500	0	0	0
Sum Lønns- og prisvekst			482	482	482	482
Konsekvensjusteringer			982	482	482	482
Konsekvensjustert ramme			48 498	47 998	47 998	47 998
Endringer i tidligere vedtatte tiltak						
Endring husleieinntekt		Teknisk drift og eigedom	-2 705	-2 705	-2 705	-2 705
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak			-2 705	-2 705	-2 705	-2 705
Nye tiltak og realendringer			-2 705	-2 705	-2 705	-2 705
Ramme 2026-2029			45 793	45 293	45 293	45 293

Samandrag budsjett

Mål for budsjettåret

- Vidareføre systematisk og førebyggjande vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.
- Gjennomføre prioriterte tiltak i hovudplan for vatn og avlaup.
- Få på plass hovudplan for veg.
- Vidare arbeid med utvikling av Hovden og Bykle sentrum.
- Redusert sjukefråvær og auka trivsel.
- Effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering.
- God og effektiv tenesteproduksjon for eksterne og interne brukarar, innanfor økonomiske rammar.

Agenda for budsjettåret

I 2026 vil eininga ha fokus på desse hovudaktivitetane:

- Drift og vedlikehald av bygg og anlegg i samsvar med driftsramma.
- Gjennomføre tiltak for 2026 i hovudplan vatn og avlaup innanfor ramma.
- Arbeide vidare med prosjekt knyta til Hovden og Bykle sentrum.
- Digitalisering: få på plass fleire digitale verktøy for å effektivisere arbeidskvardagen.
- Arbeide vidare med trivsel og utvikling for tilsette i eininga.

Teknisk drift og eigedom-selvkost

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	2 761	2 951	4 519	4 519	4 519	4 519
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 985	5 021	5 022	5 022	5 022	5 022
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	10 305	11 042	11 814	11 814	11 814	11 814
Overføringsutgifter	476	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	21 527	19 014	21 356	21 356	21 356	21 356
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-39 643	-39 251	-37 042	-37 042	-37 042	-37 042
Refusjoner	-439	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 337	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-42 420	-39 251	-37 042	-37 042	-37 042	-37 042
Sum	-20 892	-20 237	-15 686	-15 686	-15 686	-15 686

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Kommunedirektørens framlegg til Budsjett 2026, Økonomiplan for 2026-2029

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			-20 237	-20 237	-20 237	-20 237
Sum Lønns- og prisvekst			1 571	1 571	1 571	1 571
Konsekvensjusteringer			1 571	1 571	1 571	1 571
Konsekvensjustert ramme			-18 666	-18 666	-18 666	-18 666
Endringer i tidligere vedtatte tiltak						
Endr selvkostberegning		Teknisk drift og eigedom	2 980	2 980	2 980	2 980
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak			2 980	2 980	2 980	2 980
Nye tiltak og realendringer			2 980	2 980	2 980	2 980
Ramme 2026-2029			-15 686	-15 686	-15 686	-15 686



Kultur og fritid

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	8 636	8 918	9 113	9 113	9 113	9 113
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 829	2 260	2 262	2 262	2 262	2 262
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	37	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	1 646	1 584	1 584	1 584	1 584	1 584
Sum Driftsutgifter	13 148	12 762	12 959	12 959	12 959	12 959
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-422	-632	-632	-632	-632	-632
Refusjoner	-912	-25	-25	-25	-25	-25
Overføringsinntekter	-516	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-200	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-2 050	-657	-657	-657	-657	-657
Sum	11 098	12 105	12 302	12 302	12 302	12 302

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			12 105	12 105	12 105	12 105
Sum Lønns- og prisvekst			197	197	197	197
Konsekvensjusteringer			197	197	197	197
Konsekvensjustert ramme			12 302	12 302	12 302	12 302
Ramme 2026-2029			12 302	12 302	12 302	12 302

Kultur og fritid

Vurdering av tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Kulturtilbudet i Bykle er i tråd med måla i kommuneplanens samfunnsdel, som understrekar at kommunen skal vere ein pådrivar i folkehelsearbeidet der sosiale møteplassar er ei viktig oppgåve. Samarbeid med frivillige organisasjonar og lag bidreg til å styrke fellesskapskjensla og trivselen. Vidare skal kommunen halde fram med å fremje fysisk aktivitet, inspirasjon og læring ved å skape gode og tilgjengelege kunst- og kulturopplevingar i heile kommunen. Barn og unge skal ha høg prioritet i Bykle kommune

Utfordringar og strategi

Bykle kommune står framfor utfordringar når det gjeld å møte både lokalsamfunnet sine behov og nasjonale føringar innanfor kultur- og fritidsfeltet. Dei nasjonale føringane kan vere krevjande for mindre kommunar som Bykle å handtere, då ein må tilpasse eksisterande tenester og infrastruktur utan nødvendigvis å få tilstrekkeleg med ekstra midlar eller ressursar. Nye krav om inkluderande kulturtilbod, digitalisering og berekraftig utvikling legg ekstra press på kommunen.

Samfunnsutviklinga syner eit aukande behov for førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, der trygge og tilgjengelege møteplassar er avgjerande for å motverke utanforskap og fremje god psykisk helse. For å oppretthalde kvaliteten på kulturtilboda må ein difor ikkje berre gjennomføre jamleg vedlikehald av kulturbygga, men også sikre at dei er tilpassa og attraktive for denne målgruppa. For å realisere og gjennomføre eit variert og meningsfullt tilbod, er kommunen heilt avhengig av den frivillige innsatsen. Lag og organisasjonar er avgjerande samarbeidspartnarar for å lukkast med måla våre.

Einingas strategiar for å møte utfordringane inkluderer utvikling av digitale kulturtenester, vidareføring av arbeid innan kulturarv og eigenorganisert aktivitet. Med ei aldrande befolkning og tilflytting av nye innbyggjarar må kulturtilboda tilpassast eit større mangfald. Dette krev både fleksibilitet og målretta tilrettelegging. I ein mindre kommune som Bykle er det sårbart med fråfall av ressursar. Det er difor viktig å sikre at tilsette og frivillige får moglegheit til fagleg utvikling, særleg innanfor arbeid med barn og unge.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	8 636	8 918	9 113	9 113	9 113	9 113
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 829	2 260	2 262	2 262	2 262	2 262
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	37	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	1 646	1 584	1 584	1 584	1 584	1 584
Sum Driftsutgifter	13 148	12 762	12 959	12 959	12 959	12 959
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-422	-632	-632	-632	-632	-632
Refusjoner	-912	-25	-25	-25	-25	-25
Overføringsinntekter	-516	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-200	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-2 050	-657	-657	-657	-657	-657
Sum	11 098	12 105	12 302	12 302	12 302	12 302

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			12 105	12 105	12 105	12 105
Sum Lønns- og prisvekst			197	197	197	197
Konsekvensjusteringer			197	197	197	197
Konsekvensjustert ramme			12 302	12 302	12 302	12 302
Ramme 2026-2029			12 302	12 302	12 302	12 302

Samandrag budsjett

Mål for budsjettåret

Skape trygge og inkluderande møteplassar for barn og unge Vi skal prioritere utvikling og drift av fysiske og sosiale arenaer der barn og unge kjenner seg trygge, velkomne og inkluderte. Målet er å skape fleire lågterskeltilbod utanom organisert idrett, der unge kan møtast på eigne premiss. Desse møteplassane skal vere førebyggjande arenaer som fremjar livsmeistring, sosial tilhørslse og god psykisk helse.

Styrke kulturskulen som kreativ fristad Kulturskulen vil halde fram med å tilby undervisning av høg kvalitet, men med eit forsterka fokus på å vere ein trygg og kreativ fristad. Vi vil arbeide for å auke deltakinga og sikre at tilbodet er tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn. Gjennom det interkommunale UNESCO-prosjektet utviklar vi undervisning i immateriell kulturarv. Målet er å bygge identitet, og styrke sjølvkjensle og meistring hos dei som deltek.

Mobilisere frivilligheita for heile lokalsamfunnet Frivilligsentralen skal spele ei nøkkelrolle i å mobilisere og støtte den frivillige innsatsen for heile lokalsamfunnet, frå dei yngste til dei eldste. I budsjettåret vil vi ha eit særleg fokus på å styrke innsatsen retta mot barn og unge. Dette inkluderer å støtte lag og organisasjonar som skapar aktivitetar for alle aldersgrupper, og å aktivt rekruttere nye frivillige til meningsfulle oppgåver.

Fremje eit inkluderande og mangfaldig kulturliv Kultur- og fritidstilbodet skal byggje bruer mellom generasjonar og kulturar. Vi skal tilby kulturelle opplevingar som inviterer til deltaking og samhald, og som speglar mangfaldet i kommunen. Dette inkluderer å vidareføre arbeidet med immateriell og materiell kulturarv i tråd med UNESCO-medlemskapen, og bruke dette som ein ressurs for å skape felles identitet og forståing. Kulturkafe og Bykledagen er viktige arrangement i dette arbeidet.

Tilgjengelege lågterskeltilbod for alle For å fremje fysisk aktivitet og folkehelse for heile befolkninga, vil vi halde fram med å råde for lågterskeltilbod som familiesymjing, trening på kulturhusa, gratis tilbod for innbyggjarar og støtte til sesongkort. Vi har særleg fokus på at desse tilboda er økonomisk og praktisk tilgjengelege for barnefamiliar og unge.

Biblioteket som kunnskaps- og kulturarena Biblioteket skal vere ein sentral, trygg og open møteplass som fremjar leseglede og kultur for alle aldersgrupper. For dei yngste vil vi halde fram med populære tilbod som eventyrstund, og vi vil stimulere til leselyst i ferien gjennom den nasjonale Sommarles-kampanjen. For vaksne vil vi tilby ein sosial og litterær møteplass gjennom boksirklar. I tillegg skal biblioteket vere vertskap for ulike arrangement for eit breitt publikum gjennom heile året.

Agenda for budsjettåret

- **Forsterka satsing på ung kultur og medverknad:** Vi skal aktivt arbeide for å etablere og vidareutvikle faste, tilgjengelege møteplassar for unge. Ungdomsmedverknad skal stå sentralt; barn og unge skal høyrast og takast med i utforminga av tilbod og strategisk utvikling som gjeld dei. Det er viktig med god kontakt og samarbeid med ungdommen, for å bli kjend med behov og ynskje i målgruppa.
- **Førebygging og livsmeistring:** Kulturtilbodet skal i større grad nyttast som ein arena for førebyggjande arbeid. Gjennom samarbeid med andre tenesteområde som skule og helse, vil vi utvikle aktivitetar og kurs som styrkar barn og unge si evne til å handtere utfordringar. Jobbe aktivt for tilbod som fremjar positiv sjølvkjensle og gir kunnskap om tema som psykisk helse og digital tryggleik.
- **Inkludering og fellesskap:** Vi skal halde fram med å utvikle prosjekt som legg til rette for at alle innbyggjarar, uansett alder, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn, kjenner seg inkluderte. Utviklinga av sosiale møteplassar med heilårsaktivitetar skal bidra til auka trivsel, betre helse og eit sterkare og meir robust lokalsamfunn.
- **Kompetanseheving i ei digital verden:** Vi vil satse på kursing og kompetanseheving for tilsette og frivillige, særleg innan tema som ungdomskultur, inkludering og konflikthandtering. Samtidig

skal vi tilby opplæring i nettvett og kjeldekritikk, slik at særleg barn og unge lærer å bruke internett på ein trygg og smart måte.

Dette er ein ambisiøs agenda som krev god prioritering og smart bruk av ressursane våre. For å lukkast vil eit tett og godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og på tvers av einingar i kommunen, vere heilt avgjerande. Vi vil strekke oss langt for å realisere desse måla for lokalsamfunnet i Bykle kommune.

Oppvekst

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	44 685	43 228	45 061	45 061	45 061	45 061
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 644	5 072	5 073	5 073	5 073	5 073
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	134	80	80	80	80	80
Overføringsutgifter	1 748	1 425	1 425	1 425	1 425	1 425
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	51 212	49 805	51 639	51 639	51 639	51 639
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-1 142	-586	-586	-586	-586	-586
Refusjoner	-4 939	-382	-382	-382	-382	-382
Overføringsinntekter	-18	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-6 100	-968	-968	-968	-968	-968
Sum	45 112	48 837	50 670	50 670	50 670	50 670

Rammeoversikt

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			48 837	48 837	48 837	48 837
Sum Lønns- og prisvekst			1 834	1 834	1 834	1 834
Konsekvensjusteringer			1 834	1 834	1 834	1 834
Konsekvensjustert ramme			50 670	50 670	50 670	50 670
Ramme 2026-2029			50 670	50 670	50 670	50 670

Bykle barne- og ungdomsskule

Vurdering av tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Bykle barne- og ungdomsskule jobbar for å legge best mogleg til rette for læring, og skape eit godt og trygt skulemiljø i samsvar med kommuneplanens samfunnsdel.

Skulen jobbar systematisk med årlege trivselsundersøkingar og den store elevundersøkinga som vert gjennomført nasjonalt. Både undersøkingane tydar på eit generelt godt og trygt skulemiljø. Skulen har eit eige miljøteam som jobbar førebyggjande og aktivt på både gruppe- og individnivå. Vi samarbeider òg tett med andre instansar i kommunen og har eit tett samarbeid med dei føresette.

Skulen har digitale løysingar som sikrar god og sikker samhandling mellom dei føresette og skulen. Visma Flyt Skule (VFS) digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit betre samarbeid mellom skule, SFO og heim. Saman med VFS følgjer det med ein enkel og brukarvennleg app for dei føresette. Her kan dei følgje med på alt som skjer på skulen og appen legg til rette for ein effektiv, enkel og trygg måte å kommunisere på.

Skuleeigar har eit stadig større krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med Visma Flyt Skule brukar skulen også Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

Skulen i Bykle har i mange år praktisert «mobilfri skule». Dette inneber at kvar elev ved skulestart legg sin mobiltelefon i ei hylle og der ligg mobiltelefonen til dei skal heim. Det er ingen elevar som har tilgang til mobilen gjennom skulekvardagen. Skule og dei føresette ser mange positive effektar av dette. Her har skulen vore framsynt når ein ser dei stor diskusjonane nasjonalt.

- Mindre skjermbruk på kvar elev
- Mindre skjermbruk gjev auka fysisk aktivitet i friminutt
- Meir sosial omgang i friminutta
- Dei unge er meir «til stades»
- Dei unge treng ei pause frå sosiale media

Utfordringar og strategi

Dei som arbeider på skulen har god utdanning. Både på barneskulen og ungdomsskulen oppfyller alle lærarane kompetansekrava i matematikk, engelsk og norsk. Framover må vi sette fokus på å få godt kvalifiserte søkjarar til stillingane vi lyser ut. Det er utfordrande å få kvalifiserte vikarar når det er lengre fråvær og vikariat.

Det er svært viktig at flest mogleg av dei tilsette held seg oppdaterte gjennom kurs, ekskursjonar, etter- og vidareutdanning. Skuleåret 2025/2026 har vi ein lærar som tek vidareutdanning.

Vi har òg intern kompetanseheving for personalet. Saman med Universitet i Agder har skulen to satsingar for personalet ved skulen og SFO for skuleåret 2025/2026:

- Inkludering frå eit helsefremmande perspektiv -korleis skape robuste barn og ungdom?
- Lesing og klasseleskurs

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	17 101	15 845	17 508	17 508	17 508	17 508
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 816	2 176	2 177	2 177	2 177	2 177
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	49	80	80	80	80	80
Overføringsutgifter	1 489	1 425	1 425	1 425	1 425	1 425
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	21 455	19 526	21 189	21 189	21 189	21 189
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-113	-184	-184	-184	-184	-184
Refusjoner	-2 315	-212	-212	-212	-212	-212
Sum Driftsinntekter	-2 428	-396	-396	-396	-396	-396
Sum	19 027	19 130	20 793	20 793	20 793	20 793

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett			19 130	19 130	19 130	19 130
Sum Lønns- og prisvekst			1 663	1 663	1 663	1 663
Konsekvensjusteringer			1 663	1 663	1 663	1 663
Konsekvensjustert ramme			20 793	20 793	20 793	20 793
Ramme 2026-2029			20 793	20 793	20 793	20 793

Samandrag budsjett

Skildring av verksemda i dag

Bykle barne- og ungdomsskule er ein 1 - 10 skule. Ved skulestart hausten 2025 hadde skulen 58 elevar, 22 på barneskulen og 36 på ungdomsskulen.

Skulen sin hovudoppgåve er å legge forholda best mogleg til rette for læring og skape eit godt og trygt skulemiljø. Vår visjon er «aktive og trygge elevar». Skulen har i fleire år jobba systematisk for å skape ein god skulekvardag for alle gjennom å fremje positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Respekt, ansvar og omsorg er omgrep vi jobbar mykje med. Skulen har eit eige miljøteam. Dei har eit ekstra ansvar for elevanes psykososiale miljø og trivsel.

Bykle skule brukar både bøker og digitale læringsressursar. Det er med på å skape ein variert og god skulekvardag. Alle elevane har eigen PC eller nettbrett, og vi har digitale tavler i alle klassar. Vi har kantine med gratis skulemat til alle. Skulemåltidet er viktig for trivsel, helse og eit godt skulemiljø. Skulen har òg gratis skulefruktordning og alle elevane får frukt kvar dag. Vi har òg vassmaskiner plassert på skulen slik at elevane drikk reint og kaldt vann i staden for anna drikke.

Alle i 1.-4. klasse brukar SFO. SFO i Bykle er opent frå kl. 07.00 til kl. 16.00 kvar dag utanom dei to seiste vekene juli. Totalt for hausten 2025 er det 8 elevar på SFO. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn, og leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

Bykle barne- og ungdomsskule har òg ansvaret for vaksenopplæringa i kommunen. Vi driv norskopplæring for flyktningar som kjem til kommunen, men har òg språkopplæring for andre framandspråklege som flyttar til kommunen.

I grunnskulen har vi 12 lærarstillingar, miljøteam, rådgjevar og leiing. I leiinga ved skulen er det merkantil resurs på 50%, 20% inspektør og rektor i 100% stilling. Vi har 4 vaksne tilsett på SFO. Dei er viktige i skulekvardagen med drift av skulekantina og auka vaksenstøtte i timar og friminutt. Vi har eit flott personale og trivselen og arbeidsmiljøet er godt mellom dei tilsette. Alle dei tilsette har høg kompetanse innanfor sine område. I dei årlege rapporteringane kan Bykle skule melde tilbake at 100% av dei tilsette har godkjent fagkompetanse.

Mål for budsjettåret

Ein trygg og inkluderande skulekvardag for alle

- Utvikle gode relasjonar mellom lærar og elev
- Elevane er trygge og trivast på skulen
- Tydeleg vaksne med klare grenser
- Alle elevane får personleg merksemd kvar dag
- Dei mellommenneskelege relasjonane er prega av tillit og respekt
- Samarbeid med heimen

Ein skule der alle føler på meistring, medverknad og motivasjon for å lære

- Barn og elevens medverknad i fellesskapet
- Dei skal få opplæring tilpassa eige nivå
- Laget rundt barna og elevane
- Felles syn og mangfald
- Samarbeid delingskultur og støtte
- Struktur og føreseielegheit
- Tilpassingar i fellesskapet
- Tilrettelegging på individnivå
- Elevane blir stimulert til å utvikle gode lesestrategiar i alle fag
- Elevane får høve til fysisk aktivitet kvar dag
- Elevane er kjent med dei faglege og sosiale mål
- Elevane får uttrykke seg gjennom forskjellige uttrykk – varierte og relevante metodar som kan stimulere fleire sansar
- Elevane får utfordringar ut i frå eigen ståstad
- Vurdering er ein naturleg del av undervisninga

Agenda for budsjettåret

Grunnopplæringa er ein viktig del av ein livslang dannelsesprosess som har fridom sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom for den enkelte som mål. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag for å forstå seg sjølv, andre og verda for å gjere god val i livet. Opplæringa skal gi eit godt utgangspunkt for

deltaking på alle område innanfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig lever barn og unge her og no, og skolen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida. (Frå overordna del LK20)

Eit felles elevsyn

- Alle ynskjer å lære
- Alle kan bidra med noko i eit fellesskap
- Alle treng å bli møtt der dei er
- Alle skal bli sett kvar dag
- Alle skal oppleve eit godt læringsmiljø
- Alle skal oppleve klare grenser frå dei vaksne

Mål for alle tilsette

- Fagleg oppdatera og engasjerte
- God førebudde
- Stand til å utvikle eigen og skulens praksis
- Stolte av arbeidsplassen sin
- Støttar, oppmuntrar og rettleiar kvarandre
- Jobbar mot felles mål
- Skal gi tidleg informasjon om elevar med fagleg eller sosiale utfordringar

Legge til rette for eit godt samarbeid mellom heim og skule

- Ha god kontakt med heimen gjennom dei kommunikasjons plattformene som til ei kvar tid er gjeldande
- Gje innsyn i den faglege og sosiale utviklinga til eleven
- Hjelpe til med å etablere gode rutinar
- Akseptere at heim- og familiekulturar er forskjellige
- Liggje på nasjonalt nivå eller betre på alle parameter
- Skape eit trygt og godt lærings- og skulemiljø, og få alle barna i aktivitet. Vi har nulltoleranse for mobbing.

Fjellgardane skule

Vurdering av tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Fjellgardane skule jobbar for å legge best mogleg til rette for læring og skape eit godt og trygt skulemiljø i samsvar med kommuneplanens samfunnsdel.

Fjellgardane skule jobbar systematisk med årlege trivselsundersøkingar og den store elevundersøkinga som vert gjennomført nasjonalt. Både tydar på eit godt og trygt skulemiljø. Vi samarbeider og tett med andre instansar i kommunen – både innanfor sektor, men og tverrsektorielt. Har eit tett samarbeid med dei føresette gjennom heile skuleåret.

Skulen nyttar Visma Flyt skule (VFS) som skuleadministrativt program. Tilnærma same programvare som også brukast av barnehagane i Bykle kommune. Dette sikrar dei føresette god kjennskap til bruk av programvara gjennom heile oppvekstløpet. Løysninga digitaliserer ei rekkje prosessar knytt til lærarens og elevens skulekvardag. Den bidreg også til eit godt skule/heim samarbeid og SFO/heim.

Skuleeigar har eit aukande krav til dokumentasjon og rapportering. Saman med VFS brukar skulen og Visma Sikker Sak (VSS). For skulen er trygg handtering av elevinformasjon viktig. VSS sikrar dette og gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er intuitivt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon, og trygg lagring til det beste for skulen, elev og dei føresette.

Alle elevane har tilgang på pc, eller nettbrett på skulen. Vi har digitale tavler i alle klassar. Fjellgardane skule har hatt grei økonomi dei siste åra og har difor hatt moglegheit til å satse både på lærebøker og digitale læremidlar. Det gjev ein fornuftig bruk av både tradisjonelle og nye og moderne måtar å drive skule på.

Utfordringar og strategi

Kompetanse og personalutvikling

Alle pedagogar ved skulen har formell kompetanse til å undervise i sine fag. Fleirtalet har høgskule/universitetsutdanning på 5 år eller meir. Mange ønskjer å halde seg oppdatert gjennom kurs, erfaringsdeling og etterutdanning. Dette skuleåret har vi ein tilsette som tar 30 studiepoeng i rettleiing.

Vi har òg intern kompetanseheving for heile personalet. For skuleåret 2025/26 er samarbeidet med UiA vidareført frå førre skuleår. Inkluderande praksis er hovudtemaet vi jobbar med. Dette er både fysiske og digitale treffpunkt, samt mellomarbeid for skulen i mellom treffpunkta. Dette er eit arbeid som er særskild givande og som kjem heile skulemiljøet til gode.

Fjellgardane skule har hatt studentar frå UiA dei siste 11 åra. Det er særskild viktig for oss å vise oss fram for framtidige jobbsøkarar, samtidig som det også er til inspirasjon for skulen å få inn nokre med «nye idear» Dette fortsett inn i dette skuleåret.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

Kommunedirektørens framlegg til Budsjett 2026, Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	14 086	13 459	12 353	12 353	12 353	12 353
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 141	1 126	1 126	1 126	1 126	1 126
Overføringsutgifter	156	0	0	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	15 383	14 585	13 478	13 478	13 478	13 478
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-326	-206	-206	-206	-206	-206
Refusjoner	-1 041	-170	-170	-170	-170	-170
Overføringsinntekter	-18	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-1 386	-376	-376	-376	-376	-376
